



Sluttrapport for prosjektet:
«Vegval med mjølk- og
kjøtproduksjon i Ørsta/Volda»



2015-2019



1. Innhald

1. Innhald	2
2. Samandrag – oppsummering.....	4
3. Om prosjektet	5
3.1. <i>Bakgrunn</i>	5
3.2. <i>Situasjonsbeskriving ut ifrå mjølkeleveranser 2007 - 2017</i>	6
3.3. <i>Mål</i>	12
4. <i>Organisering og framdrift</i>	14
4.1. . Organisering	14
4.2. Styringsgruppa	14
4.3. Rådgevarar	15
4.4. Milepelar – framdrift i prosjektet.....	15
5. <i>Metode og gjennomføring</i>	16
5.1. Vegvalsbesøka.....	16
5.2. Arbeidsmetodikk og type oppgåver hos deltakarane	17
5.2.1. Strategirådgeving og bruksutvikling.....	17
5.2.2. Byggrådgeving.....	17
5.2.3. Økonomisk rådgeving	17
5.2.4. Føringrådgeving.....	18
5.2.5. Helserådgeving.....	18
5.2.6. Livslinjerådgeving.....	18
5.3. Markedsføring o.l.	18
6. <i>Økonomi</i>	19
6.1. Budsjett	19
6.2. Rekneskap	20
6.2.1. Kommenterar til rekneskapet	20
6.3. Finansiering	21
7. <i>Resultat og resultatvurderingar</i>	22
7.1. Tilslutning.....	22
7.2. Deltakerundersøkinga – i forkant.....	24
7.3. Evaluering – i etterkant	28
7.3.1. Funn – heiltidsbonde, ressurstilgang	28
7.3.2. Deltaking og oppfølging i prosjektet	29
7.3.3. Målsettinger og planer.....	31
7.3.4. Tilfredshet og nytteverdi	34
7.3.5. Oppfølging framover.....	36
7.4. Totalresultat og ringverknader.....	40

7.4.1. Ringverknader 40

2. Samandrag – oppsummering

Prosjektet "Vegval med mjølk- og kjøttproduksjon for Ørsta og Volda" har gått føre seg i kommunane i perioden 2015-2018. Fordi ein opplevde stor tilslutning til besøka, vart prosjektperioden utvida slik at ein skulle lykkas med å følgje opp dei som ønska det innan rimeleg tid. 2 rådgjevarar har vore ute på førstelinjebesøka og desse har i stor grad tatt unna oppfølginga etter kvart.

Målet med prosjektet har først og fremst vore at brukarfamiliane i dei utvalgte kommunane gjennom strategiarbeid og påfølgande tiltak skulle få ei meir offensiv haldning til eiga framtid. Alle mjølkeprodusentar i dei to kommunane har fått prosjektfinansiert tilbud om eit vegvals- og strategibesøk. Det er i tillegg vore gjennomført eit besøk med oppfølging for ein som har ønske om å starte opp som produsent og tre besøk med produsentar som har avvikla mjølkeproduksjon men som fekk oppfølging med omlegging til annan storfeproduksjon på garden. I Ørsta var det 77 % av målgruppa som tok imot tilbod om besøk i tillegg til dei som er nevnt ovanfor. 56,5 % av desse ønska vidare oppfølging. I Volda var det 72 % som takka ja og 40 % ønska vidare oppfølging. Sidan fleire i begge kommunane var samdrifter, har det gått mykje tid til dei ulike prosessane som har vore omfattande.

For Ørsta og Volda er det noko ulik bruksstruktur og geografiske skilnader. Volda har 25 produsentar der mange av dei er små og brattlendte. Ørsta, med 69 produsentar og stor mjølkeleveranse, har noko enklare arrondering med større og meir grøderike områder, sjølv om spesielt Bondalsområdet har utfordringar med begrensa arealressurser og kamp om jorda. I tillegg er eit av hovdefunna i prosjektet at svært mange har begrensningar i utviklingspotensialet på grunn av skredfare. Desse forholda har stor innverknad på framtidsplanane til produsentane og viktige å arbeide vidare med etter prosjektperioden.

Dei som deltok i prosjektet hadde ulike utgangspunkt og forventningar då arbeidet starta. Deltakarne har arbeidd systematisk med å utrede mulegheitene på sitt bruk, og med å kome fram til langsiktige målsettingar for gardsdrifta og familien. Heile 49 % av dei deltakarane som ønska å utvikle drifta si, ønska å investere i bygg. Utredningane er arbeid som ofte går over fleire år, og dette arbeidet fortsetter vidare hos kvart enkelt bruk etter at prosjektet vert avslutta.

Fleire har gjennom prosjektperioden komme fram til konkrete investeringsplaner i ulikt omfang for sitt bruk, ein del har arbeidd med å få utreda bygningsmessige mulegheiter for å tilpasse sine driftsbygningar til framtidens lausdriftskrav og er no i tenkeboksen i forhold til de mulegheitene dei har framfor seg. Fleire bruk har vore gjennom generasjonsskifte, og nokre få har fått rådgjeving fram mot salg eller avvikling. Kun eit fåtal står att i kategorien «stabil drift». Vi har eksempel på at nokon tok kontakt og ønska hjelp til korleis ein kunne gå fram for å etablere seg som kjøttfèprodusent og på sikt mjølkebonde. Eksempelet er no i gang med byggeplaner. Har motteke rådgjeving og vil følgast vidare opp framover for å komme i gang på ein god måte. Vi har også sett tilfelle av nye fjøsbygg knytt til gjennomførte generasjonsskifte, tilbygg og nybygg med auke i produksjonen, omlegging frå mjølk til kjøt og på tampen før sluttrapporten vart avslutta, ser ein muleg avvikling av større samdrift. Spekeret er med dette breitt og mangfaldig.

Konklusjonane etter prosjektet kan ein vidare summere opp slik:

- Prosjektorganiseringa gjer at vi kjem i inngrep hos fleire bruk enn normalt.
- Meir offensive haldningar, større tryggleik og aktive val hos mjølkeprodusentane.
- Tilbodet har vore godt benytta – god tilslutning både rundt prosjektfinansiert og vidare rådgjeving
- Prosjektet stoppar ikkje avviklingsbruka, men det ser ut til å vere ei aukande vilje til å selje gardar.
- Austefjorden står i dag omtrent utan aktiv mjølkeproduksjon.
- Skredrestriksjonane i Ørsta og Volda bremser og er eit stort hinder for vekst og utvikling.
- Bondalsområdet er i særstilling med arealknapphet som begrensar framtida til nesten alle produsentane i dette området, tvingar fram deltidbønder og bremsar potensiala for vekst.
- Bondalen har mange unge bønder som ønsker å drive og treng å få styrka ressursgrunnlag.

Dei mest målbare resultatane etter prosjektarbeidet kan ein lese av i form av oppslutning, tilbakemelding på evalueringar og kva for konkrete planer som er utarbeidd ute på bruka. Det skjer positive ting i produsentmiljøet, og med styrka grunnlag for å ta beslutningar for eiga framtid håper ein å få sjå fleire ringverknader på sikt.

3. Om prosjektet

Prosjektet «Vegval med mjølk- og kjøttproduksjon i Ørsta og Volda» har omfatta dei to største Sunnmørskommunane knytt til levert mengd mjølk. Ørsta er den nest største kommunen i Møre og Romsdal målt i leveranse på mjølk. Ein såg tidleg eit behov for å styrke mulegheitene til produsentane i området der utviklinga gjekk i negativ retning. Opprinneleg starta ein i 2004 med ei kartlegging og eit prosjekt for å sjå korleis ein kunne styrke mjølkeproduksjonen i området, i 2015 reviderte ein dette prosjektet og fekk det inn i ei større form med involvering av samtlege produsentar og tidsavgrensa rådgjeving på kvart enkelt bruk i dei to kommunene. Planlegging og prosjektrevidering starta seinhausten 2015, med vegvalgsbesøk gjennom 2016-2018. Grunna oppfølging på fleire av bruka gjekk det tid å få gjennomført alle besøka. Ein har totalt vore i involvering med 92 bruk. Ferdigstilling og sluttrapport vert gjort innan februar 2019. Fylkesmannen har hatt ei sterk involvering i finansiering av prosjektet heile vegen sidan 2004 saman med TINE.

3.1. Bakgrunn


TINE har saman med Fylkesmannen si landbruksavdeling i Møre og Romsdal, gjennomført fleire ulike mjølkeprosjekt i ulike kommunar i fylket sidan 2004. Ein ser at andre fylker sine landbruksavdelingar òg har bedde om tilsvarende utviklingsprosjekt andre stader i landet. Prosjekta vert i stor grad finansierte av det offentlege (Fylkesmann, Fylkeskommuner og kommuner) gjennom BU-midler, næringsmidler og liknande, men med ein stor andel eigenfinansiering frå TINE. Noko av årsaka til interessa ser ut til å være synergien ein oppnår med å gå aktivt inn i eit geografisk avgrensa område med eit tidsavgrensa perspektiv og i samarbeid med fleire aktørar i næringa.

Ei anna årsak til interessa rundt desse prosjekta er dei utfordringane mjølkeprodusentane i Møre og Romsdal er inne i og står framfor, med omfattande strukturendringar i næringa. Ein ser at trenden vert større og færre einingar, med nye krav til effektivisering og robotisering. Det ser ut til å være eit press rundt dette frå fleire hald, som kan opplevast som eit krysspress mot den ressurstilgangen ein sit på lokalt og dei mulegheitene ein har til utviding av produksjonen ein har. Driftsapparatet på mange mjølkebruk må fornyast og kostnadane i investeringer har auka meir enn inntektssida i produksjonen har gjort. Ein ser at teknologisk utvikling sørger for at arbeidsinnsats pr. liter mjølk synk. Som eit resultat av dette har en sett at produksjonsmiljøet i enkelte områder har styrka seg, mens andre områder har opplevd stort frafall av mjølkeproduksjonsforetak. I ein situasjon der den enkelte gardbrukar har fått mange fleire alternative mulegheiter framover, ser ein eit betydeleg auka behov for tilgang på kompetent rådgjeving.

Det var landbrukskontoret i Ørsta og Volda som våren 2015 tok kontakt med TINE med ønske om ei større prioritering i prosjektet frå 2004, då ein ei periode med omstrukturering i TINE opplevde at mjølkeprosjektet i dette området vart sett litt på vent. Ein såg av erfaringa frå dei andre prosjekta i fylket at området kunne ha stor nytte av eit omstrukturert prosjekt med eit meir tidsavgrensa og samla fokus. Målet var framleis å prøve demme opp for noko av den negative utviklinga som ein hadde sett dei seinare åra og for å ta i vare den posisjonen området har som ein sterk og stor aktør innan fylket på mjølkeproduksjon og landbruk. Ein såg at ein i enkelte sårbare områder lokalt stod i fare for å miste heile mjølkeproduksjonen. Ein ønska å sjå på bakgrunnen for denne utviklinga og kva som måtte til om ein skulle lykkast i å snu trenden.

Ein vil med slike prosjektet forsøke å bidra til å ta ut potensialet for mjølkeproduksjon i kommunane, ut i frå kvar einskild produsent sitt ønske og forutsetning. Mange produsentar «trur» mykje om eigne mulegheiter, basert på media og andre utredingar, utan å faktisk sjå på mulegheitene på sitt eige bruk. Eit slikt prosjekt skal være ein katalysator for å få i gang ein prosess med kvar einskilde landbruksbedrift. Gjennom erfaringar frå tidlegare prosjekt vart det utarbeida ei plan vi såg føre oss skulle gje mest muleg nytte for deltakerkommunane og den einskilde deltakaren. I korte trekk har vi auka oppfølginga av deltakane i tidleg fase, og dei beste rådgjevarane har vore prioritert inn i prosjektet. I tillegg til dei som alt hadde mjølkeproduksjon, har vi og hatt fokus på å fange opp nye interesserte med tanke på å utrede m.a. mjølkeproduksjon på bruk som ikkje har dette i dag. Prosjektet var meint som, og har vore, eit rådgjevingsprosjekt retta direkte mot produsentane. Metodikken er nærare gjort rede for seinere i rapporten.

3.2. Situasjonsbeskriving ut ifrå mjølkeleveranser 2007 - 2017




FIGUR 1. KOMMUNEVIS ENDRING MJØLKELEVERANSE 2007-17 (MØRE OG ROMSDAL).

Med bakgrunn i leveransestatistikk frå TINE Råvare ser vi i figur 1 at Møre og Romsdal samla sett har redusert si mjølkeleveranse i løpet av dei 10 siste åra med om lag 5,5 mill. liter. Men mellom dei ulike kommunane er det svært ulik utvikling. Nokre har styrka sin posisjon som landbrukskommunar og andre har tapt opptil 2 mill. liter i melkeproduksjon ut av kommunen. Fræna kommune er det største leverandøren av mjølk i fylket, så ser ein at Surnadal har tatt andrelassen framfor Ørsta etter 2007. Desse to kommunane har auka leveransen i tiårsperioden. Ørsta har mista 800 tonn mjølk ut av kommunen i perioden. Basert på kun den konvensjonelle mjølkeproduksjon, er nedgangen i liter mjølk for Ørsta 1,4 millionar liter. Volda har gått frå 4,53 millionar liter leveranse til 3,78 mill.

Det kan sjå ut til at reduksjonen har vore størst i dei kommunane der mjølkeproduksjonsmiljøet vert meir marginal, mens dei store robuste landbrukskommunane styrker seg. Dette speglar noko av den utbyggingsaktiviteten som er registrert i kommunane i perioden, det er og i samsvar med dei trendane ein ser elles i fylket når det gjeld robuste produksjonsmiljø.


Ved å sjå nærare på utviklinga i antall hentestader, totalleveranse, gjennomsnittsleveranse pr produsent og prosentvis utvikling fra 2007-nivå i dei to kommunane gjennom *hele perioden 2007-2017*, ser ein denne utviklinga i ein større samanheng.



FIGUR 2. ENDRING I ANTALL LEVERANSAR AV KUMJØLK I ØRSTA OG VOLDA 2007-2017


Som ein kan sjå av figur 2 har både Ørsta og Volda har hatt ein stor nedgang i antal leverandørar gjennom denne tiårsperioden. Medan Ørsta har gått frå 132 til 71 produsentar i perioden, har Volda gått frå 58 til 27 mjølkeprodusentar. I Ørsta kan ein merke seg at det er registrert 2 økologiske mjølkebruk i 2017 som kjem i tillegg til dei konvensjonelle. Det kan være interessant å sjå om denne utviklinga har vore jamn kvart år for kommunane.

I Figur 3 under, kjem den årlege utviklinga i antalet leverandørar for Volda kommune fram. Ein ser at utviklinga har vore relativt jamn kvar år, medan den kanskje kan sjå ut til å flate noko ut dei 2 siste åra. Når ein ser takta i nedskaleringa er det forståeleg at det er interesse for eit prosjekt som tek sikte på å styrke mjølkeproduksjonen i området.




FIGUR 3. UTVIKLING I ANTAL HENTESTADER VOLDA ÅRA 2007-2017

For Ørsta kommune er utviklinga noko annleis, sjølv om nedgangen er markant. Det kan i figur 4, sjå ut til at mange avvikla i 2008 og at trenden vidare er ei svakare nedskalering enn for Volda. I 2016 var det berre eit bruk som avvikla drifta i Ørsta. Trenden er færre bruk, då kan det vere interessant å sjå om dette gjer større einingar for dei som er att.




FIGUR 4. UTVIKLING I ANTAL HENTESTADER ØRSTA ÅRA 2007-2017

Dersom ein ser på den totale leveranse mjølk den same perioden per kommune, ser trenden noko betre ut for begge kommunane. Sjølv om ein i tiårsperioden har redusert antall hentestader med 46,6 %, har ein gått frå 4,5 mill. liter levert mjølk til 3,78 mill. liter. Dette er ein nedgang på 72 tonn i same tiårsperioden. Sjølv med nesten ei halvering av produsentar, har ein altså klart å halde på mykje av kvota.




FIGUR 5. UTVIKLING LITER LEVERT MJØLK VOLDA 2007-2017.



FIGUR 6. UTVIKLING LEVERT MJØLK ØRSTA 2007-2017.


For Ørsta kommune ser ein at total leveranse i 2007 var 10,09 mill. liter mjølk (konvensjonell og økologisk samla). I 2012 leverte ein totalt 9,53 mill. liter og i 2017 9,21 mill. liter mjølk. Nedgangen i total mjølkeleveranse desse åra vert då 880 tonn. Ein gjer merksam på at framover ser ein statistikk for Ørsta utan den økologiske mjølka som for 2017 utgjer 2 bruk og om lag 750.000 mjølk. (For konvensjonell mjølk er tala samla kvote 9,92 mill. liter i 2007 og ned 15 % til 8,45 mill. liter i 2017, altså nedgang på om lag 1,5 mill. liter mjølk i perioden.) Ein kjenner til at Ørsta har etablert fleire samdrifter

i perioden, det kan sjå ut til at dette har vore med å verka inn på å oppretthalde deler av mjølkeleveransa. Likevel har Ørsta mista mykje mjølk i perioden. Det kan vere interessant å sjå på snittleveransa til kvart bruk i perioden.



FIGUR 7. GJENNOMSNISSLIG LEVERANSE ØRSTA 2007-2017.

I Ørsta ser ein i figur 7 at snittkvota har auka frå 75.131 liter i 2007 til 119.055 liter i 2017. I prosent utgjer dette ei auke på 58,5 % per bruk. For fylket sett under eitt, er auka i same perioden frå 105 tonn til 182 tonn som er 58 %. Ørsta ligg difor på same prosentvise utvikling som resten av fylket samla sjølv om dei har ei lavare snittkvote. Samanlikna med Fræna som i perioden har auka snittkvota frå 138 til 240 tonn, ligg Ørsta an til å halde sin posisjon som ein av dei største mjølkeleverandørane i Møre og Romsdal i perioden. Figur 8 under viser utviklinga i Volda, der trenden har vore enno sterkare vekst i snittkvote. Totalt i perioden har snittkvota auka med 79 %, frå 78 tonn per bruk til nesten 140 tonn i 2017. Volda har dermed hatt ein av dei sterkaste aukene i snittkvote fylket sett under eit. Færre og større einingar har skjedd i perioden. Det kan være ei rett utvikling basert på utviklinga i landbruket elles i landet, men gjer og grunn til å sjå nærare på korleis dei små og bratte bruka ein finn spesielt i Austefjord-området i kommunen skal overleve framover. Utgangspunktet mellom Ørsta og Volda har vore svært ulikt, fordi Ørsta er ein av dei største leverandørane i fylket, har geografi med store dalar og grønne områder. Volda har andre utfordringar geografisk som gjer det meir utfordrande å drive i stort omfang, brattlendte teiger, små bruk med knappe ressursar.




FIGUR 8. GJENNOMSNISSLIG LEVERANSE VOLDA 2007-2017.

Ved å sjå på den prosentvise auka i snittkvota dei to kommunene, kan det sjå relativt lyst ut, men dersom ein tek med seg at antalet bruk har verte redusert til eit bekymringsfullt nivå i Volda og samtidig vurderer snittalder på produsentane


som er att, er det grunn til bekymring. Eit avskala produsentmiljø og begrensa mulegheiter for tilleggsnæringar er og ein del av bildet det kan vere naturleg å sjå nærare på. Korleis er vilkåra for dei bruka som er att for å drive tilpassa dei krava som ligg for lausdrift, og korleis kan ein oppnå investeringsbehova som kjem?

Ein påstand har vore at Nordmøre og Romsdal har auka si leveranse på bekostning av Sunnmørskommunane. Ved å samanstille dei tre regionane ser ein kor utviklinga har vore. Nordmøre har i figur 9 samla sett levert 47,9 mill. liter mjølk i 2007 og 43 mill. liter mjølk i 2017. Den einaste kommunen som kan vise til vekst, er Surnadal. Likevel er det registrert nedgang i leveransa totalt sett med 4.900 tonn. Nordmøre har hatt ein større nedgang i total mengd levert mjølk enn det Sunnmøre har hatt. At Rindal kommune har flytta over til Trøndelag fylke i 2018, ser ut til å vere mykje av forklaringa på statistikken her og gjer at tala vert misvisande. Rindal har i følge TINE Råvare gått frå 85 produsentar i 2007 til 49 produsentar i 2017. I same periode har dei gått frå 8.934 tonn mjølk til heile 10.096 tonn i 2017. Dette gjer ei endring på snittkvote frå 105 tonn til 206 tonn i perioden. Om mengda mjølk frå Rindal vert lagt oppå Nordmøre sine tal i figur 9, kan Nordmøre vise til 56.834 tonn mjølk i 2007 og 53.100 tonn mjølk i 2017 – altså ein nedgang på 3.734 tonn i perioden.




FIGUR 9. REGIONVIS UTVIKLING I TOTAL MJØLKELEVERANSE – NORDMØRSKOMMUNANE 2007-2017.

For Romsdal ser ein i figur 10 at ein i perioden har auka frå 46,56 tusen tonn i 2007 til 49,57 tusen tonn i 2017 – ei auke på om lag 3.000 tonn mjølk. For Sunnmørskommunane ser ein i figur 11 at nedgangen har vore 3.190 tonn i same perioden. Dei tre regionane har samla sett ikkje klart å oppretthalde produksjonen i fylket sjølv om Romsdal har hatt ein vekst i perioden. Det kan slik sett sjå ut til at Romsdalskommunane har fått tilgang til noko av Sunnmørskvota i tillegg til at dei har klart å oppretthalde kvota i eigen region. Som ei av årsakene, vert det peika på at ein såg ei større betalingsvilje for mjølk kvote i dette området i perioden.




FIGUR 10. REGIONVIS UTVIKLING I TOTAL MJØLKELEVERANSE – ROMSDALSKOMMUNANE 2007-2017.




FIGUR 11. REGIONVIS UTVIKLING I TOTAL MJØLKELEVERANSE – SUNNMØRSKOMMUNANE 2007-2017.


Sett ein dette saman med utviklinga i antal leveransar, kan ein sjå ei sterk avskaling i antal i perioden i figur 12. Regionvis ser ein i figur 13 under, ein nedgang på 47 % desse åra på Nordmøre. Ved å ta inn Rindal som har hatt ein nedgang på nesten 58 % i antal leveransar, vert den samla nedgangen der 54%.




FIGUR 12. ENDRING I ANTAL HENTEPUNKT MØRE OG ROMSDAL 2007-2017.



FIGUR 13. REGIONVIS UTVIKLING ANTAL LEVERANSAR – NORDMØRSKOMMUNANE 2007-2017.



FIGUR 14. REGIONVIS UTVIKLING ANTAL LEVERANSAR – ROMSDALSKOMMUNANE 2007-2017.



FIGUR 15. REGIONVIS UTVIKLING ANTAL LEVERANSAR – SUNNMØRSKOMMUNANE 2007-2017.

For Sunnmøre ser ein i figur 15 ein samla er det ein nedgang på 46 %, frå 529 leveransar til 288 i perioden og for Romsdal (Figur 14) frå nesten 40 %. Samla sett har ein i tiårsperioden redusert antalet hentepunkt frå 1341 til 747 i Møre og Romsdal, ei endring på 44,3 %. Inkludert Rindal er tala 1426 hentepunkt i 2007, 796 i 2017 og 56 % reduksjon. Sjølv om noko av forklaringa er samdrifter, er det heilt klart at dette ikkje er dekkande for nedgangen. Trenden med ferre og større einingar må sjåast saman med investeringspresset som kjem frå behovet for rasjonalisering, digitaliseringa, fornying og krav om lausdrift. I prosjektet har det vore fokus på å kartlegge mulegheitene for utnytting av ressursane ein har tilgang på på kvart bruk saman med eit tydeleg trykk på kva for val den einskilde har for si eiga framtid og kva felles utfordringar dei står framfor. Skal Sunnmørsregionen halde triitt med dei andre, er det sentralt at Ørsta fortsatt hevdar seg som ein av dei største kvoteleverandørane i regionen og får muligheita til å utvikle seg som jordbrukskommune. At ein samla sett har fått ein nedgang i mjølkeleveransar i fylket veit ein ikkje nok om årsaka til. Noko av forklaringa kan vere at den statlege delen av seld kvote dei siste åra ikkje har gått attende i marknaden men vorte drege inn.

3.3. Mål

Målet gjennom prosjektarbeidet har vore at mjølkeprodusantene skal få ei offensiv haldning til eiga framtid, med strategiarbeid og tiltak som er med på å styrke framtida som mjølkeprodusent, evt. i kombinasjon med anna verksemd

knytta til garden og personlege ressursar. Gjennom dette har det vore ønskeleg at det skal utvikle seg eit optimistisk produsentmiljø i deltakerkommunane.

For produsentane:

- Alle mjølkeprodusentane vert utfordra til å innta ei offensiv haldning til eiga framtid
- 50 % av produsentar som deltek sett inn tiltak for å styrke framtida si, evt. i kombinasjon med anna verksemd
- Utgreiing av dei faktiske mulegheitene på den enkelte gard vert sikra
- Nye mjølkeprodusentar starter i kommunane
- Tiltak vert etablert mellom produsentar for felles effektivisering/utvikling
- Auka optimisme i produsentmiljøa
- Mjølkeprodusentar, som har ønske om å avvike sin mjølkeproduksjon, finn en anna lønnsam verksemd ut i frå gardens ressursar

For deltakande kommuner:

- Få ei betre utnytting av gardenes ressursar, og med det sikre auka matproduksjon, bosetting og lokalt næringsliv i kommunen
- Oppretthalde eller auke mjølkeproduksjonen i kommunane
- Nyrekruttering til næringa

For TINE:

- Komme i inngrep på bruk som elles ikke ville bestilt utredningar og gjort aktive val framover
- Auke samarbeidet mellom mjølkeprodusentane sine rådgjevarar og den offentlege rettleiinga, både kommunalt og regionalt
- Etablere eit permanent tilbod lokalt innan strategisk og økonomisk rådgjeving på Sunnmøre.

4. Organisering og framdrift

4.1. Organisering

Prosjekteigar:	TINE SA (TINE Rådgiving Møre og Romsdal)
Prosjektleiari:	Lisbeth Valle (Jo Helge Sunde fram til 2015)
Samarbeidspartnere:	Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Landbruksavdelinga Landbrukskontoret for Ørsta og Volda kommunar Søre Sunnmøre Produsentlag Møre og Romsdal fylkeskommune Bondelaga i deltakerkommunane Nortura SA Landbruk Nordvest SA Andre landbruksorganisasjonar ved behov

4.2. Styringsgruppa

Styringsgruppa av prosjektet har bestått av 7 personer, inkludert prosjektleiari som har hatt oppgåva som sekretær.

Styringsgruppa har hatt følgende sammensetning:

leiari	Bjørn Tore Reistad	TINE Rådgiving, distriktssjef
medlem	Synnøve Valle (ut 2018)	Fylkesmannens Landbruksavdeling
medlem	Arnold Hoddevik (frå 2019)	Fylkesmannens Landbruksavdeling
medlem	Kristine Godø	Søre Sunnmøre produsentlag
medlem	Børild Skåra, landbrukskontoret	Ørsta og Volda kommunar
medlem	Liv Bente Viddal, leiari landbrukskontoret	Ørsta og Volda kommunar
sekretær	Lisbeth Valle	TINE Rådgiving, prosjektleiari

Landbrukskontoret har etter eige ønske stilt med to personar i møter og prosjektaktiviteter. For prosjektet har dette bidrege til eit godt fokus frå kommunen på framdrift, kunnskap og lokalt engasjement i prosjektet.

Styringsgruppa starta arbeidet etter prosjektrevideringa med eit møte i november 2017. Styringsgruppa har hatt berre 2 møter gjennom prosjektperioden. Desse var på landbrukskontoret i Ørsta.

Det har under planlegginga og revideringa av prosjektet vore fokus på å etablere ei styringsgruppe med «kort veg» til problemstillingane ein kom føre. Dette meiner vi at vi har lykkast med. Medlemma i styringsgruppa har vore engasjerte, og bidrege med innspel til praktisk gjennomføring undervegs i prosjektet og med informasjon og kunnskap der det har vore naudsynt ut over det som har vore gjort på styringsgruppemøta.

Etter vedtak om omstrukturering av det opprinnelege prosjektet i 2016, tok Lisbeth Valle fra TINE Rådgiving med dette over rolla som prosjektleiari og organsierte vegvalsmøta på samtlege bruk i dei to kommunane saman med nyttilsett økonomirådgjevar i TINE Rådgiving, Susann Sørheim.

4.3. Rådgjevarar

Fleire rådgjevarar har vore involvert gjennom prosjektperioden, både i avklaringsrunden og i rådgjevinga ute på bruka. Første mjølkeprosjekt del vart stort sett styrt av tidlegare distriktssjef på Sunnmøre og prosjektleiaren, men nokre felles produsentmøter, turar og ei nokre større enkeltprosjekt. Etter revideringa i 2015 har ein retta fokuset over på kvar enkelt produsent som har fått tilbod om ein vegval- og strategibesøk, og ein har då delt desse besøka mellom ny prosjektleiar og den nyttilsette økonomirådgjeveren i området. Kompetansen i første runde har vore bedriftsutvikling, strategi, produksjonsøkonomi, vegvalsprosessar og driftsøkonomi.

I oppfølginga har ein nytta kompetanse innan bygningsrådgjeving, pensjonsplanlegging og livslinjerådgjeving, føring, dyreheelse, avlsrådgjeving, i tillegg til vidare prosessar med økonomisk strategiutvikling. 6 slike andre rådgjevarar har vore inne på dei aktuelle bruka.

Prosjektleiar og økonomirådgjever har i stor grad hatt god oppslutning i besøka og mange har ønska ulike ting utreda eller kartlagt vidare. Dette har i prosjektperioden gjeve store kapasitetsmessige utfordringar og gjort at ein fleire ganger har utsett ferdigstilling av prosjekt for å rekke over etterspørselen.

På den andre sida har det òg vore tilfelle der produsentane har trengt lenger tid enn ein såg føre seg, og dette var og ei årsak til at avslutning av prosjektet vart utsett. Nokre gonger er det slik at avtaler tek tid å dra i land, juridiske spørsmål tek si tid å få avklart, generasjonsskifter tek tid å avklare, mulegheiter for kjøp eller leie av kvoter, fjøs eller jord ikkje er på plass så fort som ein skulle ønske seg.

4.4. Milepelar – framdrift i prosjektet

Gangen i prosjektet etter revidering har grovt sett vore slik;

- DES. 2015: VEKSLINGSMØTE BYRKJELO frå Else Tømmerstøl og Jo Helge Sunde til Bjørn Tore Reistad.
- APR. 2016: VEKSLINGSMØTE I ØRSTA, prosjektleiarveksling saman med landbrukskontoret.
- MAI-OKT. 2016: Produsentbesøk Ørsta, prioriterte deltakarar (8)
- OKT. 2016: REVIDERT PROSJEKTPLAN FERDIG
- NOV. 2016: Orientering på haustmøte for produsentar, Hotell Ivar Aasen
- JAN. 2017: Revidert prosjektplan godkjend hos Fylkesmannens Landbruksavdeling og andre
- JAN-DES. 2017: Produsentbesøk Ørsta og Volda, 63 besøk med oppfølging
- NOV. 2017: Styringsgruppemøte Ørsta Rådhus
- JAN-DES. 2018: Produsentbesøk Ørsta og Volda 70 besøk med oppfølging, 2 rådgivere i førstelinje.
- SEP.-DES. 2018: Evaluering av prosjekt og oppstart sluttrapport
- DES.2018-MAR 2019: Arbeid med sluttrapport.
- MAR. 2019: Kveldsmøte (årssamling) med produsentar i Søre Sunnmøre
- MAR. 2019: Styringsgruppemøte, Ørsta Rådhus.
- APRIL 2019: Publisering og fellesmøte med alle i målgruppa, fellesarrangement (planlagt)

5. Metode og gjennomføring

Ein fekk etter prosjektomlegginga ein ny og meir einsarta prosess der samtlege i området fekk tilbod om vegvalsbesøk. I begge kommunane innleia vi arbeidet ute hos produsentane med eit felles informasjonsmøte. I møtet vart det informert om utvikling i landbruket/mjølkproduksjonen i Møre og Romsdal generelt og kommunane spesielt, informasjon om innhald/mulegheiter gjennom dette prosjektet, samt erfaringar frå liknande prosjekt og litt om erfaringar frå prosjektet som vart omstrukturert i 2016. Det var godt oppmøte og engasjerte deltakarar på møtet som hadde felles agenda med produsentlaget for Søre Sunnmøre.

Etter dette vart alle produsentar/kvotteeigarar/andre interessenter kontakta via telefon for å gjere avtale om besøk (evt. informere dei som ikkje hadde delteke på informasjonsmøte). Deretter vart det sendt ut et spørreskjema som dei vart bedne om å forberede til besøket.

5.1. Vegvalsbesøka

Vegvals- og strategibesøka innebar ei behovsavklaring i forkant på telefon med kvar enkelt prosjektdeltakar/-familie for å leggje til rette for vegval, og ei «markedsføring» av vidare oppfølging i prosjektet. Hensikta var å få med flest muleg av dei som kunne ha nytte av eit strategiarbeid på bruket sitt. Intensjonen var å få komme på garden til i alle fall alle aktive produsenter, samt gjerne dei kvotteeigarane som leiger ut kvote eller er deltakar i ei samdrift. Ein oppmoda om at dei forsøkte å vere fleire i familien tilstades på møta dersom dei fekk til det. I Ørsta enda ein opp med 15 av 69 som av ulike årsaker ikkje ønska besøk, medan i Volda var det 7 av 25 som takka nei. Med nokre av dei som takka nei, lykkas vi med å få gått gjennom spørreskjemaet og diskutert litt rundt den enkelte sin situasjon. Andre stader ønska dei ikkje å bruke tid på dette prosjektet.

Vegvals- og strategibesøka vart avholdt i perioden 2017-2018, der ein forsøkte å prioritere dei som ein kjende til hadde behov for å verte prioriterte av ein eller annan grunn, og elles gjorde ein etter kvart ei fordeling mellom dei to i førstelinje så ein fekk tilnærma like mange kvar. Under besøka gjekk ein gjennom deltakarundersøkelsen som vart sendt ut på førehand og samla inn svara ein fekk. Ofte var det i desse skjema at det kom fram ting ein ønska å få kartlagt eller vurdert. Sjølv om ein forsøkte å halde tidsramma for prosjektperioden heile vegen, vart det svært ofte oppfølging på besøka, og det vart viktig å ta unna desse så ikkje deltakarane opplevde at det gjekk for lang tid frå behovet oppsto til dei fekk avklara situasjonen. Dermed måtte ein berre skyve nye besøk framfor seg og ta unna dei oppdraga som kom.

Under vegvals- og strategimøta vart det òg diskutert om det var interesse for felles grendemøter eller andre gruppemøter der ein kunne diskutere felles utfordringar med andre deltakarar. Det som kom fram frå desse møta var tre felles punkt. Det var ønske om å ha ein felles møteplass for den meir uformelle praten, fordi ein opplevde at ein stadig vart meir einsam i kvardagen. Dette arbeider ein framleis med, det ser ut til å vere mest utfordrande å finne nokon som kan stå for dette på fast basis, i tillegg til at mange av dei som er i nærleiken har bijobbar og dermed ikkje har kapasitet til dagmøter – altså vert det få deltakarar på treffa. Ein såg og tidleg at ein hadde nokre felles utfordringar lokalt, særskilt for Bondalsområdet som kan vise til knappe jordressursar og kamp om arealet. Her kjem det mykje fram i møta som syner at dei er redde for å misse jord, dei treng å halde korta tett til brystet og dei er redde for å ta opp diskusjonen med yrkesbrøyr fordi risikoen for å gå tapande ut ser ut til å skygge for mulegheitene for å oppnå gode avtalar. Ein har gjennom prosjektperioden gjort fleire forsøk på å løfte dette til eit anna nivå, og kjenner til at det for tida er snakk om eit Rurealis-prosjekt i dette området. Dette prosjektet skal arbeide med fragmenteringsproblematikken i landbruket, sjå på potensiale for å auke samarbeidet mellom bøndene, mulegheitene for mindre krysskøyring, byting av teiger og auka utnytting av teiger i pressområder. Ein har òg forsøkt å få på plass grendemøte knytt til dette temaet, men det er lita interesse for det i området. Ein ser det som heilt avgjerande at kommunen her kjem mykje sterkare på banen med føringar for korleis ein kan få gode løysingar som ikkje øydelegg for kvarandre. I resultat-delen vil ein komme attende til dette temaet. Den siste fellesnemnaren ein fann, var utfordringa knytt til skredsonene. Fleire nemnte at dei ikkje fekk utvide eller fornye driftsbygninga på garden fordi dei ikkje hadde økonomi til å få ei skredvurdering frå geologar eller at dei har opplevd å få heile området «farga raudt» på kartet, med risiko for skred. Dette øydelegg alle andre planer for utvikling og fornying på dei aktuelle gardane og er med på å stoppe bøndene sine mulegheiter investeringar knytt til tilpassing til framtidens mjølkproduksjon med lausdrift og automatisering.

På bakgrunn av skepsisen til fellesmøte, ser ein nok at ein her har gått glipp av gode synergjar ein kan oppnå, og i ettertid vurderer ein at det kanskje bør gjerast meir for å få på plass møteplass, kanskje med «tryggare» tematikk men som er med på å finne tilbake til det sosiale fellesskapet fleire kjenner at manglar. Ein vil derfor arbeide for å få til slike møter framover sjølv om prosjektet vert avslutta, med hjelp frå produsentlag eller andre aktørar. Eksempel kan vere felles turar til ulike fjøs for å sjå kva for løysingar ein kan finne for å tilpasse seg nye krav eller få inspirasjon til andre forbetringar.

5.2. Arbeidsmetodikk og type oppgåver hos deltakarane

Etter at rådgjevarane i vegvalsbesøka hadde hatt ei behovsavklaring og klarlagt kven som ønska vidare oppfølging i prosjektet, vart ansvaret for denne fordelt til den fagrådgjevaren ein såg hadde den ønska kompetansen. Mange hadde ønske om oppfølging/utredning av økonomirådgjevar, byggrådgjevar, livslinjerådgjevar, helserådgjevar eller fôringsrådgjevar. Ein har då kopla desse inn hos dei aktuelle deltakarane.

5.2.1. Strategirådgjeving og bruksutvikling

Hensikta med strategirådgjevinga er å gjennom samtalar med gardbrukaren og deira familie veilede dei gjennom ein prosess fram mot eit vegval. Gjennom prosessen er målet at gardbrukaren skal verte meir bevisst på både familiens og egne mål og ambisjonar, garden og menneska sine ressursar, og å avdekke det som finns av ulike mulegheiter framover. Gjennom dette sette opp konkrete tiltaksplaner og til slutt medverke til at det valet som vert gjort totalt sett er gjennomarbeida og det beste for bonden sjølv.

Det vart tatt tak i «bestillinga» rådgiveren opplevde å få til i telefonsamtalen før besøket og i det som kom fram i spørjeskjemaet. Målet med første møtet var å komme i gang med oppfølgingsarbeidet og ha klar ei strukturert plan for det vidare arbeidet. Videre oppfølging vart tilpassa det enkelte bruket og hadde ikkje noko fast mal. Det var imidlertid strategirådgjevar som hadde ansvaret og sørga for framdrift på den vidare oppfølginga ute på garden, og for at rådgjevinga vidare skulle vere tilpassa deltakeren.

I bruksutvikling ligg det å følgje deltakaren gjennom sjølve prosessen. Bruksutviklar skal vite kva som skal skje når og kva som er riktig steg vidare i ein utviklingsprosess. Bruksutviklar skal og koordinere arbeidet mellom gardbruker, bygningsrådgjevar og økonomirådgjevar. Ofte kan oppgåvene gå fram og tilbake mellom dei ulike rådgjevarane fleire ganger gjennom prosessen.

5.2.2. Byggrådgjeving

Fleire ønska bistand frå byggrådgjevar for å utrede kva som var faktiske byggmessige mulegheiter ute på sitt bruk. I prosjektkommunane er det fleire produsentar som har det til felles at driftsbygningane ikkje vil tilfredsstille framtidig lausdriftskrav utan evt. ombygging og investeringar. Ofte kan ein byggrådgjevar som kjem utanfrå komme med nye idéar eller konkretisere ulike alternativ vidare, samt gje eit kostnadsoverslag på ulike løysingar. Målet var at planane frå byggrådgjevar skal kunne nyttas vidare i ein eventuell diskusjon mellom strategirådgjevar, økonomirådgjevar og deltakeren.

5.2.3. Økonomisk rådgjeving

For å vurdere ulike alternative omfang på produksjonen framover opp mot økonomi, investeringar, areal m.m., er det ofte ønskeleg å køyre dekningsbidragskalkyler. TINE baserer desse på dei to siste regnskapsår og faktiske resultat frå Kukontrollen. Ei slik analyse seier noko om kritiske faktorer for den evt. endringa i produksjonen, samt om idéane er verd å arbeide vidare med.

Driftsplan kan være aktuelt tidleg i prosessen for å få eit meir sikkert beslutningsgrunnlag, men for dei fleste kjem driftsplan først mot slutten av prosessen. Det er imidlertid vanleg å køyre fleire driftsplaner før ein er i mål. Driftsplanane er ei totaløkonomisk analyse for hovedbrukar eller heile hans/hennar familie, som viser kva ein kan vente seg i eit 5-7-års perspektiv. Ein tek hensyn til både investeringar, ny og gammal gjeld, faste kostnader og andre inntekter på bruket. Driftsplanane er eit grunnlag både for eige bruk og for evt. søknad om investeringsmidler og finansiering.

5.2.4. Fôringsrådgjeving

Fôringsrådgjeving er nyttig for å kunne oppnå utvikling av produksjon/drift gjennom ulike konkrete tiltak for å sikre best muleg utnytting av kapasiteten av dyr, produksjonsanlegg, arealressursane eller fôrgrunnlag. Rådgjevinga fokuserer på velbalanserte fôrrasjonar som gjer best muleg utnytting av grovfôr, riktig fôring og velfungerande dyr i rett hald, med god helsestatus og som leverer ønska produktkvalitet.

5.2.5. Helserådgjeving

Helserådgjeving kan vere med på å oppnå utvikling av produksjon/drift gjennom t.d. å komme med konkrete råd i ein situasjon der ein vurderer nybygg/ombygging. Helserådgjevaren vil bidra til å sikre eit godt grunnlag for optimalisering av bygga og dyra som skal flytte inn der. Målet er friske dyr i nytt/ombygd fjøs, der kapasiteten vert maksimalt utnytta og god dyrevelferd og smittesikring er teken godt ivare.

5.2.6 Livslinjerådgjeving

Livslinjerådgjeving er som det ligg i ordet, ei form for rådgjeving om tek føre seg dei ulike livsløpa ein er i. Det er både knytt til eigarskifte, til planlegging av pensjon og kartlegging av den økonomiske situasjonen ein står framfor i ulike fasar i livet. Målet er at ein kan sikre ein best muleg pensjon, skatteplanlegging, styre drifta og andre næringar slik at ein får ei best muleg pensjonsopptening samtidig som ein finn fram til det best mulege tidspunktet for eit generasjonsskifte eller ei best muleg måte å avvikle drifta på. Tenesta har vorte stadig meir populær og vitner om eit stort behov for auka kunnskap innan dette området.

5.3. Markedsføring o.l.

I forbindelse med revideringa av prosjektet er det gjort få tiltak knytt til markedsføring av prosjektet utad. I forkant av informasjonsmøtet vart det sendt ut informasjon om prosjektet + invitasjon til informasjonsmøte i brevform til alle registrerte leverandørar, personer som leiger ut kvote eller er samdriftsmedlem og personer som på annan måte hadde uttrykt eit ønske om å ta del i prosjektet. Før prosjektomlegginga hadde ein hatt eit oppstartsmøte og eit par presseomtalar som gjekk på fellesturar som vart gjennomførte, men det har ikkje vore fleire presseoppslag. Ein har inntrykk av at dei fleste av bøndene i området kjende til prosjektet undervegs i prosessen og ein ser at ein på grunn av kapasitetsutfordringar på rådgjevarsida har vegra seg for å gå enda meir offensivt ut.

Det er imidlertid eit behov for å få til eit felles opplegg for bygda Øye, der ein ser at ein kan ha god nytte av å kople inn hotellet og binde dette saman med naturlandskapsituasjonen i området og behovet for eit aktivt landbruk i bygda. Her har ein i prosjektperioden skissert ei plan som ein håper å få til i forkant av neste turistsesong. For å lykkas med dette, ser ein føre seg at pressedekning kan vere ein god start. Det er i dag ikkje særleg mykje samhandling mellom hotelldrifta og jordbruket i Øye, og det kan sjå ut som at det ikkje har vore noko bevissthet rundt dette temaet.

Når sluttrapporten er ferdig vert det sendt ut ei pressemelding og media kontaktet vedr. resultatata i prosjektet, i tillegg til publisering på lokale heimesider hos deltakarkommunane, TINE og FMMR.

Mykje av det som har vore tema gjennom prosjektperioden er og tema som det er viktig å fa fokus på vidare framover etter prosjektperioden, og dermed er det viktig at produsentlag og kommune fortsett å halde trykket oppe ovanfor både media og produsentane framover.

6. Økonomi

6.1. Budsjett

Budsjett vart sett opp i prosjektdirektivet i samband med søknad om midlar i 2015. Dette budsjettet var felles for prosjektet i Ørsta og Volda – og bygde på forventningar og berekningar frå erfaringstal i rådgjevingsarbeidet. Budsjettet hadde en totalramme på 1.618.310 kr.

REVIDERT UTKAST BUDSJETT Prosjekt "Vegval med mjølk- og kjøttproduksjon Ørsta og Volda"

Budsjetttrammer for hele prosjektperioden, 01.01.2015 - 31.12.2017

Kostnader/Inntekter				
Kostnader	Totalt	2015	2016	2017
Bruk av rådgjevarar i TINE (75 % høsten 2016, 25 % 2017)				
Volda 25 stk enkeltbruk x 5 timer inkl. for- og etterarbeid	150 000		112 500	37 500
Ørsta 68 stk enkeltbruk x 5 timer inkl. for- og etterarbeid	408 000		306 000	102 000
Bruk av rådgjevarar i TINE 2015	146 745	146 745		
Møtekostnader, div. arrangement:				
Oppstartmøte, 93 stk x 200 kr/deltaker	18 600	18 600		
Busstur - "fjøsafari", RS	16 592	16 592		
Planleggingsmøter med aktører, 6 møter x 2 t x 3 pers	43 200		28 800	14 400
Grendamøter 6 stk x 10 000 kr	60 000		30 000	30 000
Avslutningsmøte 80 stk x 200 kr/stk	16 000			16 000
Reise				
Kjøretid (0,75 time x 93 besøk)	83 700		62 775	20 925
Div ferge/bom besøk	5 000		3 750	1 250
Kjøretid til/fra Ørsta (20g +4 gr.m. x 6 timer) (ca. 5 besøk pr. gang)	172 800		129 600	43 200
Ferger (446 kr x 24 turer)	16 673	5 969	8 028	2 676
Overnatting 20 stk x 2000 kr inkl. mat 2 dager	40 000		30 000	10 000
Kontor og administrasjon				
Prosjektledelse og regnskap 20 %	180 000	60 000	60 000	60 000
Prosjektadministrasjon og SG-møter distriktssjef	90 000		60 000	30 000
Kontorhald	23 500	3 500	10 000	10 000
Landbrukskontorene Ørsta og Volda, medvirkning 50 t/år	147 500	27 500	60 000	60 000
Sum kostnader	1 618 310	278 906	901 453	437 951
Finansieringsplan				
Fylkesmannens Landbruksavdeling (FMLA)	675 000	211 000	239 000	225 000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	200 000		200 000	
Landbrukskontorene Ørsta og Volda, medvirkning 50 t/år	147 500	27 500	60 000	60 000
Egenandel TINE: 50 % av reisetid, rest = faktiske kostnader	128 250		96 188	32 063
Egenandel TINE: 200 kr/t av tid mot produsent	74 400		55 800	18 600
Egenandel TINE: Arbeid distriktssjef	90 000		60 000	30 000
Egenandel TINE 2015 / nødvendig rest	40 406	40 406		
Bidrag fra storfeprosjektet på Sunnmøre (møter o.l.)	0	0	0	0
Sum inntekter	1 355 556	278 906	710 988	365 663

Manglende finansiering pr. 31.10.2016 (må evt. dekkes av TINE) 262 754 0 190 466 72 289

Revidert plan – Molde, 01.11.2016

TABELL 1. BUDSJETTTRAMME FOR PROSJEKTET I ØRSTA OG VOLDA

6.2. Rekneskap

Prosjektrekneskap Ørsta og Volda	Antall	Timer	Kostnad, kr
Prosjektleiing/administrasjon	-	246,50	kr 295 800,00
Kommunevise oppstartmøter + oppfølgingsmøter/grendemøter	-		kr 95 192,00
Opplæring/oppfølging rådgivere	-	2,00	kr 2 400,00
Vegvalsbesøk			
Oppfølgingsbesøk,		523,80	kr 628 560,00
Køyreid (besøk og møter)	-	175,00	kr 210 000,00
Køyrekostnad, km (4,10 per km)	6 618	-	kr 27 133,80
Reisekostnader/overnatting+ferge	-	-	kr 54 220,00
Kontorhald	-	-	kr 23 500,00
Kostnadar kurs, møter, adm i 2015		-	kr 101 166,00
Landbrukskontoret Ørsta/Volda	147 500		kr 147 500,00
Avsetning for avsluttande arbeid etter projektrapport			kr 150 000,00
Sum timar/kostnadar	-		kr 1 735 471,80
Tilskot	Rest til utbet.	Utbetalt	Bevilga
Utbetalte tilskot FMLA	89 000	661 000	kr 750 000,00
Utbetalte tilskot MRFK	50 000	150 000	kr 200 000,00
Sum Tilskot			kr 950 000,00
Eigenandel Landbrukskontoret			kr 147 500,00
Balanse, førebels			kr 637 971,80

TABELL 2. PROSJEKTRKESKAP FOR ØRSTA OG VOLDA

6.2.1. Kommentarer til rekneskapet

Samalikna med budsjett, kan ein konkludere med at ein traff godt på tid brukt per produsent. Kostnadane brukt før revidert prosjekt er lagt inn som vist i revidert budsjett. På grunn av omlegginga av prosjekt har det gått noko meir tid enn planlagt til prosjektleiing. Ein valgte og å gjere ein større administrativ innsats for å samle inn evalueringar frå deltakarane på telefon i etterkant, dette førte med seg ein del meir tidsbruk. Det er likevel ikkje stort avvik frå budsjett for kostnadar til prosjektleiinga.

Ei erfaring vi har gjort oss er at det har vore utfordrande å få på plass dei planlagde grendemøtene og kursa som det var budsjetterte med. Dette er uheldig, det har og kome fram i evalueringa at produsentane kunne tenkje seg slike møter. Ein vil gjere ein innsats i 2019 for å prøve rette opp i noko av dette. Det ein planlegg er å samkøyre tema med andre prosjekt på Sunnmøre i tillegg til at ein ser det som sentralt å kome vidare med prosjektet Ruralis har i Hjørundfjorden. Dersom ein på sluttmøte med produsentane kjem fram til at ein kan tenkje seg fleire rundar med fjøssafari eller liknande, vil ein og prøve å legge til rette for dette. Sluttmøtet som ein legg opp til i april, er ikkje teke inn i rekneskapen.

Ein lukkast i stor grad å rasjonalisere besøka undervegs, der ein samla opp og var i området i 2-3 dagar samanhengande. Slik lukkast ein i å spare køyre- og reisekostnadar i prosjektet.

Samla sett kom vi ut 117.000 kroner høgre en budsjettert. Det er då tatt høgde for det avsluttande arbeidet ein har gjort rede for i rapporten.

6.3. Finansiering

	Søkt om	Innvilga	Hittil utbetalt	Rest	% av totalramme
Fylkesmannen	kr 750 000	kr 750 000	kr 661 000	kr 89 000	43 %
Fylkeskommunen	kr 200 000	kr 200 000	kr 150 000	kr 50 000	12 %
Totalramme	kr 950 000	kr 950 000	kr 811 000	kr 139 000	55 %
Landbrukskontorets eigenandel	kr 147 500				8 %
TINE SA	finansierer	kr 637 972		-	37 %

TABELL 3. OVERSIKT OVER FINANSIERING I PROSJEKTET

På inntektssida er prosjektet hittil noko under budsjett, men ein reknar med at sluttbeløp frå dei ulike aktørane kjem når sluttrapporten er godkjend. Ein håper det der vert tatt høgde for at ein vil køyre eit allmøte i april for alle i området Ørsta og Volda som har vore involverte i prosjektet. Det vert forutsett ei samfinansiering av dette og ein ser føre seg at møtet og kan nyttas som ei Workshop ovanfor vidare arbeid i området med styrking av mjølkeproduksjonen, i tillegg til at ein får gått gjennom funna og tala frå prosjektet.

Det at TINE er inne og finansierer 36 % av prosjektet, voner vi er med på å vise at vi vil styrke vilkåra for produsentane i området og at vi ser viktigheta av å arbeide med eit samla fokus på geografisk avgrensa områder for å løfte større utfordringar opp og fram, og slik bidra til å gjere vilkåra for kvar einskild betre.

Dei resterande midlane vil ein anmode om utbetaling på no.

7. Resultat og resultatvurderingar

Resultat og virkningar av prosjektet kan nok målast på fleire måtar, men det er vanskeleg å vite korleis ein best kan måle effekt av prosjektet. Prosjektet har dreidd seg om utvikling av bedrifta og drifta hos deltakarane, og meir konkrete resultat som kan lesast ut frå produksjon eller sjåast ut frå faktiske byggeprosjekt vil komme over tid.

Vi *har* imidlertid fleire mulegheiter for å gjere vurderingar av det arbeidet og dei resultata som er oppnådd så langt. Vi har objektive faktorar som tilslutning til prosjektet, på sikt søknader om finansiering frå bl.a. Innovasjon Norge o.l., men vi har og meir subjektive tilbakemeldingar som deltakarundersøkinga i starten av prosjektperioden og evalueringa som vart gjort i etterkant. Under besøka har rådgjevarane skreve møtenotatar og i tillegg har dei gjort ei evaluering av arbeidet hos den enkelte prosjektdeltakar i etterkant, om kva som er oppnådd på det enkelte bruk.

7.1. Tilslutning

Status på deltaking ved avslutning av prosjektet kan oppsummerast som følger:

Volda:	Antal bruk i aktuell gruppe:	25
	ønska ikkje besøk	7
	besøk gjennomført, ikkje oppfølging	8
	besøk gjennomført, ønska oppfølging	10

TABELL 4. TILSLUTNING TIL PROSJEKTAKTIVITETENE I VOLDA

Tabell 4 viser tilslutning til prosjektet i Volda. Ein køyrde prosess med besøk parallellt i begge kommunane for å enklare oppnå effektive reiser til området – med 5-9 besøk per reise. To av bruka i Volda vart prioriterte tidleg i prosessen grunna behov for rådgjeving. Desse bruka har hatt lange og til dels tunge prosessar knytt til økonomi og produksjonsomleggingar. Det vart tidleg klart at ein trong forsterking på førstelinjetenesta for å få nok framdrift i prosjektet, då ein opplevde eit stort behov for oppfølging i strategisamtalane i begge kommunane. Alle 25 i Volda vart ringt opp og fekk tilbod om et vegvals- og strategibesøk sjølv om dette skjedde over ei forholdsvis lang prosjektperiode. Av dei 7 som ikkje ønska besøk, vart det gjort 2 telefonmøter etter deira eige ønske. Her var det personer som var i gang med eigarskifte og som ikkje såg noko nytteverdi i å køyre strategibesøk i denne fasa. Dei som stod i startgropa for overtaking her, var det vanskeleg for rådgjevarane å komme i kontakt med. Dei fem andre som takka nei, var tydeleg på at dei hadde ein avklart situasjon knytt til drifta og såg ikkje føre seg noko nytteverdi i å gå gjennom ein prosess med vegval no.

I Volda var heile 9 av bruka registrerte som samdriftsforetak ved oppstart i prosjektperioden. Besøka hos desse vart gjennomførte med alle deltakarane tilstades, og ein fekk dermed ei god anledning til å køyre gode strategisamtalar for desse. Ei av samdriftene stod framfor generasjonsskifte, 6 andre gjekk vidare i prosess med oppfølging. Det var tema innanfor bygg og økonomi, i samband med dei framtidige utfordringane til lausdrift som var oppfølginga. 2 av samdriftsforetaka var i ferd med å gå over til enkeltmannsføretak og fekk rådgjeving innan dette området. Når ein ser at 67 % av samdriftene ønska oppfølging, vitnar det om eit sterkt behov for prosjektet i området.

Av dei 18 som fekk besøk, var det som det kjem fram i tabell 4, 8 som ikkje gjekk vidare med oppfølging. Her er det eit par vi ser kunne ha god nytte av vidare prosessar knytt til framtidig drift, men dei fleste i denne gruppa er eldre som nærmar seg pensjonsalder og som ikkje har ønske om å foreta noko vegval før ungane har teke stilling til om dei vil ta over drifta eller ikkje. Det verkar som mange av desse ser føre seg at dei ved å sette i gang ein slik prosess no, framskynder avviklinga i staden for å klargjere faktum for si eiga framtid – dei vil heller gå i uvisse ei stund til. Slik ein ser det, er det utfordrande å presse hardare på for å gå vidare i prosess når produsentane ikkje er klare, og ein ser ikkje herfrå korleis ein kunne oppnådd større oppfølgingsprosent når ein ikkje ønsker å ta dette steget på garden. Ein kan kanskje sjå føre seg at alle desse bruka driv mot ei styrt avvikling, der ein ikkje ønsker å sette krav til ungane/etterkommarane men heller ikkje legg til rette for ei smidig overtaking. Det er derfor ei betrakning at fleire av desse bruka kjem til å forsvinne innan nokre år. Ein ser og at små produksjonar på gardar med begrensa ressursgrunnlag, føler at dei ikkje har noko val til framtidig produksjon. Dei har ikkje nok jord til å auke dyretalet og for liten produksjon

til å klare ei investering for omlegging til lausdrift. Med 30-40 tonn kvote, er det svært utfordrande å møte dei nye krava utan å få tilgang til ein langt større andel finansieringsstønad enn dagens ordning har.

Av dei 10 som har fått oppfølging, har 6 omhandla økonomi, 2 bygg og 2 livslinjerådgjeving. Fleire av desse har vore store prosessar som har pågått over lange periodar og medført mange møter på garden med påfølgande kalkylearbeid og resultert i omlegging av drift, nybygg eller ombyggingar, utviding av produksjon eller optimalisering av produksjonsomfang tilpassa ressurgrunnlag og økonomi. Sjølv om det er 40 % av produsentane i Volda som har gått vidare med rådgjeving, er det ikkje slik at det berre er desse 40 % som kjem til å halde fram som gardbrukarar i framtida. Alle dei 8 som takka nei til vidare oppfølging, hadde klare tankar om framtidig drift og var rimelig sikre på at nokon ønska å ta over og halde fram. Sjølv om ein vanskeleg kan spå for framtida, er det nok sannsynleg at nokre av desse har ungar som ønsker å ta garden vidare etter foreldra sine. Ei god tilrettelegging frå kommune og gode stønadsordningar for unge bønder er viktige faktorar for å lykkast her.

Å oppretthalde fokus både frå landbrukskontor og frå TINE Rådgiving vil framover være viktig for å komme i inngrep og bistå til å oppretthalde drifta der dei kjem framfor store val for framtida.

Ørsta:	Antal bruk i aktuell gruppe:	69
	ikkje gjennomført besøk enno	1
	ønska ikkje besøk	15
	besøk gjennomført, ikke oppfølging	14
	besøk gjennomført, ønska oppfølging	39

TABELL 5. TILSLUTNING TIL PROSJEKTAKTIVITETENE I ØRSTA

I Ørsta var det jf. Tabell 5, 69 aktive produsentar (inkludert 1 som ønska å starte opp). 5 var samdrifter med opp mot 7 deltakarar. Tabellen viser at heile 77 % ønska å vere med på prosjektet, som ein ser som eit godt resultat. Dei 15 som takka nei, er produsentar som er i ferd med å avvike, pensjonere seg eller som tydeleg har ein avklart situasjon for framtida. Ein lyktes for nokre av desse å få på plass spørjeskjema og eit telefonmøte. Det er framleis ein deltakar som har sagt at han ønsker å vere med, men der ein ikkje har klart å få gjennomført møtet på grunn av avbestilling og stadig utsetting.

Av dei 14 som har hatt vegvalsmøte og takka nei til vidare oppfølging, er det fleire deltidsbønder som ikkje har tid til å prioritere møte. Dette sjølv om ein har vore fleksible med gode tilbod om kveldsmøter. 4 er nær pensjonsalder og meiner dei har ein klar strategi på kva som skal skje med garden. To av desse meiner det vert avviking av drifta. Ein driv i eit område for seg sjølv, er opptatt av fortsatt drift for å halde kulturlandskapet ope, med ser ikkje føre seg å gjer investeringar. Ein av dei som ikkje har valgt oppfølging, fortel at han fraråder ungane å overta fordi det er umuleg å få auka kapasiteten der han er på grunn av skredfaren. Han får ikkje kjøpe nabojord sjølv om naboen vil sel denne, grunna avslag på utskilling av bolig på garden då det er rasfarleg område. Han får heller ikkje bygge ny driftsbygging på området med same bakgrunn. Dette gjer at det ikkje er råd å satse. I prosessen med prosjektet har ein sørga for å formidle kontakt med landbruksavdelinga i fylket, så får ein sjå om det kan komme noko konstruktivt ut av det på sikt.

Fleire av dei over, kan tenke seg å utvide produksjonen men driv i områder der det ikkje fins meir areal. Det vert for langt å køyre etter gras og dermed er ein avhengig av deltidsarbeid for å ha økonomi til å halde på. Det er ikkje råd å gjer investeringar for framtida utan å auke produksjonen noko, og når det ikkje er råd å auke, vert planar utsette. Dette er eit viktig signal om eit samfunn som treng hjelp til å styrke ressursgrunnlaget og sikre framtidig produksjon.

56,5 % av produsentane i Ørsta ønska oppfølging. Dette er eit svært høgt tal, og mykje av grunnen til at prosjektet er forsinka. 51 % av desse ønska økonomisk rådgjeving, 20 % ba om livslinjerådgjeving medan 18 % ønska byggrådgjevar på garden. Resten ville fokusere på fôringsrådgjeving. Signalet om denne store interessa er svært viktig, og eit tydeleg bilete på at det var nødvendig med eit mjølkeprosjekt i området og at ein ser nytta av det.


7.2. Deltakerundersøkinga – i forkant

I forkant fekk alle deltakarane tilsendt eit spørjeskjema: Dette vart dei oppmoda til å sjå på saman med familien i forkant av besøket, og skjemaet vart og i en del tilfelle eit godt utgangspunkt for samtalen i besøket. Spørjeskjemaet hadde vekt på spørsmål vedr. framtidstru, sysselsetting på bruket og investeringar i bygningar og kvote. Spørjeskjemaet er ei forlenging av skjema brukt i tidlegere prosjekt i Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Svara vart henta inn i samband med besøka ute, men ikkje alle har ønska å fylle ut skjema (kan bl.a. ha sammenheng med eit skjema som kanskje var litt for lite tilpassa samdriftene og dei utan mjølkeproduksjon), og vi baserer derfor resultatata på besvarelser fra 61 av 94 potensielle – 65 % av deltakarane.

Av responsen ser vi at 89 % er menn. 26 % er einslege og snittalderen er 50 år. 14 bønder er over 61 år medan 18 er under 40 år. Det er 11 samdrifter som er etablerte i dag, og vi ser at berre 3 personar av dei andre har vurdert samdrift siste 5 år. På spørsmål om dei har nokon som kan overta garden innan 10 år, svarar 21 % nei, medan 60 % svarar ja eller at det ikkje er ei aktuell problemstilling på noverande tidspunkt. Heile 18 % svarar at dei ikkje veit. Dette er ein høg andel, det kan tyde på at dei treng å ha eit større fokus på framtidig produksjon og vilkår for drift for framtida dersom ein skal oppretthalde området som eit av dei sterkaste landbruksområda i kommunen.

4. Alder

[More Details](#)




FIGUR 16. DELTAKARUNDERSØKINGA - ALDER FOR PRODUSENTAR I ØRSTA OG VOLDA SAMLA.

På spørsmål rundt kor stor andel av familiens totale arbeidsinnsats som vert gjort på garden i dag, svarar 34 % at det er mellom 41-60 %. Dette tyder at mange av bruka står på fleire bein eller har ektefeller som er ute på anna arbeid. Når ein vidare spør om kor stor andel av arbeidet som vert gjort av hovedbrukar, svarar 43 % at det er mellom 81-100 %. Det sei noko om andelen deltidsbruk.

12. Hvor stor del av familiens totale arbeidsinnsats utgjør arbeidet på gården i dag?

[More Details](#)




FIGUR 17. DELTAKARUNDERSØKINGA - FAMILIENS TOTALE ARBEIDSIINNSATS, ØRSTA OG VOLDA SAMLA.

Vi spurte og om kva for produksjonar dei hadde på bruket ved prosjektstart. Her var det muleg å krysse av for fleire produksjonar. 61 har svara mjølkeproduksjon – 100 % av deltakarane, vidare er det kjøttproduksjon på storfe og grasproduksjon som dominerer. Det kan sjå ut til at den tømmer- og vedproduksjonen som er kryssa for, dreier seg om meir eigen vedproduksjon enn direkte tømmerproduksjon.

14. Hvilken produksjon er det på gården i dag?

Flere detaljer

● Mjølkeproduksjon	61
● Kjøtt, storfe	33
● Kjøtt, Sau	13
● Kjøtt, kylling/svin	4
● Grasproduksjon	35
● Korn eller poteter	1
● Andre grønnsaker/frukt/bær	0
● Hest eller andre sportsdyr	1
● Inn på tunet/grønn omsorg/e.l.	0
● Tømmer eller vedproduksjon	10




FIGUR 18. DELTAKARUNDERSØKINGA – TYPE PRODUKSJON PÅ GARDEN, 61 SVAR.

Vi har spurt deltakarane om det har vore gjort større investeringar i bygg på garden i løpet av dei siste 5 åra, og svara er 31 % ja. Av desse har 2 hittil bygd ny driftsbygning medan 8 har utvida og fornya eksisterande driftsbygning. Desse investeringene har vore i størrelsesorden frå 300.000 til 14 mill. kroner med eit gjennomsnitt på 2,4 mill.

Det er og investert ein del i kjøp av mjølkekvoter i løpet av dei siste åra. Om lag 48 % svarar at dei har investert i kvote, mens berre 4 av respondentane svarer at det er meir enn den statlege kvota (siste år med statleg kvotesal var i 2016). Det kan vidare vere interessant å sjå kva tankar både hovedbrukar og sambuar eller ektefelle har om si eiga sysselsetting om 5 år. Derfor er det spurt om kva dei ønsker å ha som hovedsysselsetting om 5 år. Teksta som dessverre fell ut, skal vere:


- Mjølke- og kjøttproduksjon
- Mjølke- og kjøttproduksjon, kombinert med annen virksomhet
- Annen husdyrproduksjon
- Sysselsetting på garden, uten husdyrproduksjon
- Landbruksrelatert virksomhet utenom garden
- Virksomhet utenfor landbruket

22. Hva ønsker hovedbruker helst å ha som hovedsysselsetting om 5 år?

[More Details](#)


FIGUR 19. DELTAKARUNDERSØKINGA – ØNSKE OM HOVEDSYSSELSETTING OM 5 ÅR, HOVEDBRUKAR.

23. Hva ønsker ektefelle/samboer helst å ha som hovedsysselsetting om 5 år?

[More Details](#)


FIGUR 20. DELTAKARUNDERSØKINGA – ØNSKE OM HOVEDSYSSELSETTING OM 5 ÅR, SAMBUAR/EKTEFELLE.

Det er heilt klart at hovedbrukar i dei fleste tilfella ønsker å fortsette med mjølk- og kjøttproduksjon i ulikt omfang. For sambuarane er det derimot heilt tydeleg at dei ønsker sysselsetting utanfor landbruket. Betyr dette at dei ikkje deler interessa for landbruket, eller er det fordi det er knapphet på ressursar at den eine er bevisst på at ein bør ut å tene pengane utanfor landbruket? Har alder på produsentene ei betyding?

Dersom dagens produsentar skal forestille seg at det ikkje er mjølkeproduksjon på garden om 5 år, er det 24 som meiner dei kjem til å leige ut kvota. Når ein plussar på 11 som meiner dei skal selje kvota og fortsette å bu på garden og dei 13 som meiner dei vil starte med annan husdyrproduksjon eller gå inn i ei samdrift, står ein att med 10 % som meiner dei då kjem til å selje garden.

Når det kjem til meir konkrete planer i den nære framtid, har vi spurt deltakarane om dei kjem til å investere i kvote eller driftsbygninger i løpet av dei neste 5 åra. Svare er samla i figurane under. Det er flest produsentar frå Ørsta som har tankar om investeringar i driftsbygg, men 5 av dei som svarar ja på dette spørsmåla er frå Volda. Dette inneberer at 20 % av produsentane i Volda har tankar om vidare investeringar i bygg. Talet for Ørsta vert 20,3 % - prosentvis er det dermed tydeleg at investeringstankane er likt fordelt i dei to kommunane. Ein kan slå fast at behovet for byggrådgeving og økonomirådgeving vil vere store framover.

29. kommer dere til å kjøpe/leie kvote i løpet av de 2 neste åra?

[More Details](#)

● ja	27
● nei	19
● vet ikke	15



FIGUR 21. PLANER OM KJØP ELLER LEIGE AV MJØLKEKVOTE 2 ÅR FRAM I TID FRÅ TIDSPUNKT FOR VEGVALSBESØK.

32. Har dere planer om å investere i driftsbygninger i løpet av de neste 5 åra?

[More Details](#)

● ja	24
● nei	25
● Vet ikke	12




FIGUR 22. PLANER OM INVESTERING I DRIFTSBYGNING I LØPET AV NESTE 5 ÅR.

Avslutningsvis fekk deltakarane anledning til å peike på dei *tre viktigaste* faktorane for å fortsette å drive garden, sjå figur 23. Med utgangspunkt i den produksjonen deltakarane har, er det kanskje ikkje så overraskande eit eintydig signal om at lønnsomnd i mjølkproduksjon er den aller viktigaste faktoren. Deretter følger dei fire neste nokså tett; forutsigbarheit i produksjonen, ordna fritid/gode avløserordningar, lønnsomnd i kjøttproduksjon og auka tilgang til offentlege investeringsmidler. Svara fordelte seg likt i begge kommunane og er viktige og tydelige signal frå næringa.

28. Hvilke faktorer er viktigst for at dere skal fortsette å drive gården?

[More Details](#)

● Lønnsomhet i melkeproduksjo...	51
● lønnsomhet i kjøttproduksjonen	19
● Forutsigbarhet i produksjonen	22
● Godt fagmiljø	1
● Godt sosialt miljø	10
● Samarbeid med naboer/yrkes...	8
● Sikkerhet i at gården drives ett...	9
● Sterke samvirkeorganisasjoner	9
● ordna fritid/gode avløserordni...	20
● økt tilgang til offentlige invest...	15
● Annet	3



FIGUR 23. DELTAKERUNDERSØKINGA – 3 VIKTIGSTE FAKTORER FOR Å FORTSETTE Å DRIVE GARDEN, 61 DELTAKARAR.

7.3. Evaluering – i etterkant

I samband med sluttrapportering av prosjektet, vart det i slutten av desember 2018 sendt ut eit elektronisk evalueringsskjema til deltakarane. Mottakarane kunne svare på skjemaet på mobil eller PC, og dei som ikkje gjorde det vart oppringt og fikk sjansen til å avgi svar per telefon. Vi fekk til slutt inn 36 svar som gir ein svarprosent på 38 %. Av erfaring frå andre typer evaluering, ser ein at tilfredshet med ei teneste er ferskvare. På grunn av lang periode med prosjektbesøk, var det lang tid frå besøk til evaluering for mange av brukarane og det vart dermed utfordrande å svare. Ein tenker at dette er mykje av årsaka til at det vart utfordrande å oppnå høgare svarprosent. Fleire deltakarar i prosjektet vart oppringt og oppmoda om å evaluere etter at ein først hadde sendt puring på e-post og SMS nokre veker før. Desse vart kontakta av ein annan enn den som hadde gjennomført sjølve besøket på garden for å forsøke halde nøytraliteten ivareteke. Ein tenker likevel at svarprosenten vert representativ for gruppa, sjølv om ein er nødt å ta høgde for at ein kan få falske positive eller negative trendar i noko av responsen. Ved å samanlikne noko av evalueringa med rådgjevalevalueringa og deltakarundersøkinga samt rapport frå kvart møte, vurderer ein det slik at svara er relevante og relativt korrekte. For seinare prosjekt, ser ein at det er heilt sentralt å komme tidlegare ut med evalueringa.


Rådgjevarane fekk og i oppdrag å evaluere prosjektbesøka hos dei enkelte deltakarane. Her har ein sjølv sagt òg hatt egne notatar frå besøka å støtte seg på, i tillegg til at denne evalueringa kom inn noko nærare i tid enn deltakarevalueringa. Ei slik evaluering ser ein som viktig for å få eit meir komplett bilde og er med på å gje meir utfyllande svar på spesielt dei lokale forholda ein fann. Det er i særstilling skredproblematikk og arealmangel som ein ser som noko av hovedutfordringane i Ørsta og Volda. For området Øye ser ein at ein heilt klart vil kunne få positiv utvikling dersom ein klarer å kople landbruksnæringa og hotellet til eit felles prosjekt med vern og landskapspleie som fokusområde saman med lokal matproduksjon. Turismen i heile Nordangsfjorden og på Øye vil snart vere i fare dersom utviklinga av landbruksnæringa fortsett i same takt som til no. Særlig knytt til objektive forhold er rådgjevarsvara verdifulle, men dei erstatter sjølv sagt ikkje deltakarane sine egne oppfatningar om prosjektdeltakinga.

7.3.1. Funn – heiltidsbonde, ressurstilgang

Eit av spørsmåla vi ønska meir kartlegging rundt, var heiltidsbruka. Gjennom prosjektperioden kom det fram at mange ser det som utfordrande å vere heiltidsbonde fordi det er knapt med jord tilgjengelig og dette bremser mulegheitene dei sjølv ser for seg for framtida. Det er meir utfordrande å gjere investeringar og satse dersom ein ikkje har tilgang på nok fôr. I denne delen av prosjektperioden, spurte vi derfor om dei definerte seg sjølv som heiltidsbonde. 50 % svarar at dei har all arbeidsinnsats innanfor landbruksnæringa si, medan 22 % svarar at dei berre har mellom 10-30 % inntekt utanfor landbruksnæringa. Kun 8 % svarer at dei har meir enn 50 % av inntekta si utanfor landbruksnæringa. Isolert sett kan ein dermed ikkje slå fast at det er spesielt mange deltidsbruk i området, men likevel ser ein at det lokalt er store variasjonar og at Bondalsområdet kan peikast ut som eit område med mange unge produsentar der dei har deler av inntekta si utanfor næringa i tillegg til at det berre er den eine som er heime på garden medan den andre ektefelle eller sambuar arbeider i annan verksemd utanfor bruket. Dette er eit poeng ein er nødd å ta hensyn til dersom ein skal sikre framtidig utvikling. Det vert sentralt å peike ut faktorar som kan vere med å gjere det muleg å oppnå større ressursgrunnlag og sikre at ein har grunnlag nok til å kunne gjere nødvendige investeringar for å tilpasse seg mellom annan lausdriftskravet som kjem. Sjølv om det er optimisme i området, kjem ein ikkje unna at investeringskostnadane er høge og at ein treng tilpassa ordningar som gjer det muleg for eit bygdesamfunn å halde tritt med utviklinga i landbruksnæringa.

3. Definerar du deg sjølv som heiltidsbonde?

[More Details](#)



FIGUR 24. DELAKAREVALUERINGA – DEFINERER DU DEG SOM HEILTIDSBONDE?, 36 RESPONDENTAR.


Full tekst:

- Eg har all arbeidsinnsats innenfor næringen min
- Eg har mellom 10-30% av arbeidsinnsatsen min utanfor landbruket
- Eg har mellom 30-50% av arbeidsinnsatsen min utanfor landbruket
- Eg har over 50% av arbeidsinnsatsen min utanfor landbruket
- Eg representerer ei samdrift med fleire deltakarar
- Anna

Noko av utfordringa verkar å være tilgang på grovfôr. Eit av spørsmåla knytte seg til dette. 21 respondentar i evalueringa oppgir at dei har nok grovfôr til eige bruk. Samtidig oppgir 8 at dei leiger over halvparten av det grovfôret dei har tilgang på, og 11 nyttar fjellbeite for å ha nok fôrgrunnlag. 10 treng å kjøpe grovfôr kvart år. Berre 4 seier dei sel grovfôr kvart år. Det kan dermed sjå ut til at tilgangen på jord er marginal og at det heller er dei geografiske forskjellane som utgjør spredninga i svara på dette spørsmålet. Ein kan ikkje slå fast korleis det stiller seg utan å gå nærare inn på tematikken og dei lokale forskjellane.

12. Grovforressursen er sentral for melkeproduksjonen i ditt område. Hvordan er tilgangen på areal under et normalår for din produksjon?

[More Details](#)




FIGUR 25. DELTAKAREVALUERINGA – TILGANG PÅ GROVFÔR.

7.3.2. Deltaking og oppfølging i prosjektet

Ein har spurt rådgjevarane om kva for tenester dei har utført for produsenten. Her kjem det fram at 63,5 % av besøka har vore besøk med oppfølging. Denne oppfølginga har vore særleg økonomi. I figur 26 under ser ein kva oppfølging som vart gjeve. Ein ser at 27 % har oppmoda om å få byggrådgjeving, 8 % føring, 12 % pensjon og totalt nesten halvparten har bede om økonomisk rådgjeving i form av produksjon eller driftsplankalkyler. Dette viser at oppslutninga har vore god og at årsaka til utvidinga i prosjektperioden er tydeleg.

3. I tilfelle - hvilken oppfølging fikk produsenten?

[More Details](#)




FIGUR 26. RÅDGEVAREVALUERING – KVA FOR OPPFØLGING FEKK PRODUSENTEN.

Når ein samanliknar dette med produsentanes svar på kva for oppfølging dei fekk, syner tala at det er samsvar sjølv med eit lågare respondenttal og lang tid mellom evaluering og sjølve besøket. Her svarer 60 % at dei har fått oppfølging på økonomi. Når ein ser dette opp mot figur 28 som er frå deltakarevalueringa, ser ein at berre 20,5 % rapporterer at dei har hatt oppfølging ut over det prosjektfinansierte. Sett i lys av at dette gjeld 36 respondentar, kan det likevel sjå ut til at det er ei viss underrapportering av aktivitet. Dette ser ein og i liknande prosjekt andre stader, mellom anna frå prosjektet «Styrka mjølkeproduksjon for Molde, Rauma og Nesset».

6. Hvilket fagområde hadde du utredning av etter førstebesøket dersom du hadde oppfølging?

[More Details](#)



FIGUR 27. DELAKAREVALUERING – KVA FAGOMRÅDE HADDE DU UTREDNING AV.

5. Hvilke møter har du deltatt på i forbindelse med prosjektet?

[More Details](#)

● Felles informasjonsmøte i des...	17
● Vegvalsbesøk på gården	30
● Ytterligere utredninger eller a...	13
● Andre felles møter gjennom p...	0
● Other	3



FIGUR 28. DELTAKAREVALUERING – KVA MØTER HAR DU DELTEKE PÅ.

Full tekst:

- Felles informasjonsmøte i desember
- Vegvalsbesøk på gården'
- Ytterlegare utgreiningar eller anna rådgjeving ut over det prosjektfinansierte
- Andre felles møter gjennom prosjektet
- Anna

7.3.3. Målsettinger og planer

Det er òg interessant å sjå korleis rådgjevar såg den einkilde produsenten sine målsettingar før prosjektet, og sette dette saman med produsenten sine tankar om ståstad. I figur 29 har ein stilt rådgjevar spørsmålet om korleis ein såg produsentens målsetting før prosjektet, der ein ser at dei trur 28 % hadde ønske om stabil drift, medan dei har inntrykk av at 16,5 % ønska å overdra garden til neste generasjon. Hos 36,5 % opplevde ein ønska å utvikle drifta på garden. Vidare vart det spurt om kva type investering rådgjevaren trur det dreier seg om.

4. Hvilke målsettinger opplevde du at produsenten hadde før prosjektet?

[More Details](#)

● Ingen klare ønsker, "stabil drift"	24
● Ønske om avvikling	8
● Ønske om nyetablering	8
● Ønske, planer om generasjons...	14
● Ønske om utvikling av drift/pr...	31



FIGUR 29. RÅDGJEVAREVALUERING - KVA FOR MALSETTINGAR OPPLEVDE DU AT PRODUSENEN HADDE FØR PROSJEKTET.

5. i tilfelle - Hvilke investeringer/tiltak?

[More Details](#)

● Bygg	22
● Kvote (leie/kjøp)	4
● IMEK/UMEK	14
● Annet - beskriv	5




FIGUR 30. RÅDGJEVAREVALUERING – KVA FOR INVESTERING/TILTAK TRUR DU PRODUSENTEN ØNSKER.

Her er inntrykket at 49% av produsentane som ønsker å utvikle drifta si, ønsker investering i bygg. Nummer to på lista er ulike typer mekaniseringsutstyr. Ser ein på kva veg ein opplever at produsentane har gått gjennom prosjektperioden, kan en seie litt om prosjektet har hatt måloppnåing på om dei har tatt aktive val for framtida si. Ein kan heilt klart ikkje konkludere berre basert på denne grafen, fordi mange av dei som har delteke treng tid før dei foretek seg noko. Effekten vil ein ikkje sjå før det har gått fleire år. Ein kan likevel sei noko om trenden. I figur 31 er det 23 % av produsentane som ein opplever ikkje har bevega seg i perioden. Desse treng kanskje meir tid, eller er i ei fase der dei nyleg har gjort val for framtida. Ein ser og at like mange beveger seg mot avvikling som dei som går mot eit generasjonsskifte. Totalt er det altså 28 % som anten sluttar eller overdreg garden til neste generasjon. Det er 49 % som etter kvart kjem til å gjere utbetringar eller auke i ein eller anna form på garden, i følge rådgjevarevalueringa. Nokre av desse var kanskje i prosess før ein kom på garden, mens andre har ein kanskje nådd nettopp med dette prosjektet og klart å hjelpe til å ta val for framtida. Ein har i figur 33 spurt rådgjevar om ein meiner ein har klart å bevege denne produsenten.

6. Hvilken retning opplever du at produsenten har gått/"sett seg ut" gjennom prosjektet?

[More Details](#)

● Mot avvikling	12
● Mot generasjonsskifte	12
● Nyetablering	2
● Ingen bevegelse	20
● Produksjonsmessige/rutineme...	20
● Bygningsmessige utbedringer...	13
● Nybygg/større investeringer	6
● Annet - beskriv	1



FIGUR 31. RÅDGJEVAREVALUERING – KVA RETNING HAR PRODUSENTEN BEVEGA SEG GJENNOM PROSJEKTET.

7. Har prosjektet medført mersalg av rådgiving hos denne produsenten?

[More Details](#)

● Produsenten var godt i gang ...	10
● Her har vi takket være prosjek...	27
● Produsenten har ikke brukt no...	26
● Produsenten har brukt en god...	13



FIGUR 32. RÅDGJEVAREVALUERING – MEIRSALG HOS PRODUSENTEN PÅ BAKGRUNN AV PROSJEKTET.

Full tekst:

- Produsenten var godt i gang med prosess fra før, uavhengig av prosjektet
- Her har vi takket være prosjektet kommet i inngrep med en produsent som vi ellers ikke ville ha nådd
- Produsenten har ikke brukt noe rådgiving ut over det prosjektfinansierte
- Produsenten har brukt en god del rådgiving ut over det prosjektfinansierte (<5 timer)

Rådgjevarane meiner at 35,5 % av produsentane ikkje hadde klare planer eller tankar om endring før besøket. Berre 13 % var i prosess før vegvalsbesøket var gjennomført. Slik sett kan ein sjå at prosjektet kan ha hatt måloppnåing på å hjelpe produsentar til å kunne ta meir aktive val for eiga framtid.

Kva seier så deltakarane sjølve i etterkant av prosjektet om planer? Halvparten av dei spurte har svart at dei planlegg investeringar på garden i neste 5-årsperiode. 17 svarar ja på om dei planlegg eller har gjort investeringar på garden i tidsrommet 2016-2021. 18 svarar nei. Av dei som har planer om investeringar fordeler størrelse på investeringane seg som i figur 33 under.

15. Hvis ja på spørsmål 13, hvilken størrelsesorden var/blir investeringen totalt sett?

[More Details](#)

● Total ramme under 1,5 millioner	8
● Totalt ramme under 5 millione...	5
● Total ramme over 5 millioner k...	2
● Other	2




FIGUR 33. DELTAKAREVALUERINGA – KVA STORLEIK VAR/VERT INVESTERINGA TOTALT.

I figur 34 ser ein kva for investeringar det er snakk om at dei planlegg eller har gjort. Det fell dessverre vekk tekst, den fulle teksta i alternativa skal vere:

- Kjøpt kvote
- Ombygging/utbygging av esisterande driftsbygning
- Nybygging
- Omlegging til ammekuproduksjon
- Omlegging til annan husdyrproduksjon
- Investering i IMEK/UMEK
- Blitt heiltidsbonde (hovedbrukar inga inntekt)
- Anna

14. Hvis ja på spørsmål 13, hvilke tiltak/investeringer er foretatt?

[More Details](#)


FIGUR 34. DELTAKAREVALUERINGA – KVA FOR TILTAK ER FORETATT.

Det ser ut til at fleire enn dei som har bygd nytt, har planer om å gjere det same. Det ser og ut til at mange tenker på å gjere investeringar i mekanisering for å henge med i teknologisk utvikling og få ein meir effektiv kvardag. Dei ti som har svara anna, ser ein planlegg ein del mindre utbyggingar eller forbetringar i produksjonen for å legge meir forsiktig om til lausdrift, eller dei optimaliserer produksjonen med å få tak på utekummen.

7.3.4. Tilfredshet og nytteverdi

Dei fekk fleire spørsmål knytt til tilfredshet om prosjektet. Eit var om Mjølkeprosjektet hittil har svart til forventningane. Her kan ein forsøke å gradere dei skriftlege svara noko. 30 respondentar svarte på dette spørsmålet. 16 har svara ja medan to melder at dei hadde håpa å få meir ut av det. Ein har plukka ut tre utsagn som ein tenker er eit bilete på det som kom fram:

- «Ja, prosjektet har fått meg til å tenke gjennom saker og ting.»
- «Fått lagt opp produksjonsplan, fekk belyst tema som ein allereie var klar over – men veldig nyttig å få ein bekreftelse på at tankegangen var riktig. Gjekk gjennom strategi og korleis drifta vil vere vidare.»
- «Hadde besøk av rådgjevar på garden, men det er to år sidan og dermed utfordrande å reflektere tilbake. Huska at det var eit givande møte.»

Når dei seinare vart spurte om å gje karakter på nytteverdi av å delta i prosjekt frå 1 til 5, endte snittet på 3,42. Dette vert 68,4 % fornøgdheit, og det ser ein som eit godt resultat, sjå figur 32.

16. Hvordan vil du/dere gi karakter på den totale nytteverdien av å være med i prosjektet? Marker antall stjerner: 1 = liten nytte 5 = meget god nytte

[More Details](#)

31
Responses

★★★★☆
3.42 Average Rating

FIGUR 32. DELTAKAREVALUERING – NYTTEVERDI TOTALT FOR DELTAKING I PROSJEKTET.

Det vart spurt om kva deltakarande var minst fornøgde med. Har har ein berre 11 svar og det er ikkje så enkelt å anonymisere respondentane, men fire av dei svarer kun at dei er usikre på kva dei er minst fornøgd med. To oppgir at dei synes dei økonomiske kalkylene var for optimistiske medan ein synes det har vore for få fellesmøter. To oppgir at dei hadde håpa at rådgjevaren kunne vore tydelegare. Alle tilbakemeldingane er svært relevante for andre prosjekt og er nyttige.

- «Kunne ha vore meir fellesmøte, slik ein blei meir oppdatert rundt kva andre tenkjer, både dei som skal leggje ned og dei som skal satse vidare. Ofte kan ein sitte på mange spørsmål som andre kan han svare på.»
- «Ikkje økonomisk forsvarleg prosjekt. Meinat det er feil å ta med inntekt utanom garden inn i driftsplanlegginga, burde ikkje inngå som ein del av lønnsamheita - fører til alt for stor arbeidsbelastning.»

På spørsmål om kva dei er mest fornøgde med, er det 24 respondentar. Her varierer svara, men kretser rundt at dei er fornøgde med møta og med den rådgjevinga dei fekk og meiner dei fekk svar på det dei lurte på/hatt godt utbytte av prosessen. For prosjektet sin del ser det ut til å ha vore god måloppnåing på dette området og fleire peikar på at dei synes dei har fått mange gode innspel og at dei er svært fornøgde med rådgjevinga, den breie diskusjonen dei fekk rundt ulike vegval og diskusjonen om framtida.

- «Ho eg hadde besøk av var kunnskapsrik. Ho hadde greie på det ho snakka om. Positivt.»
- «Veldig fornøgd med vegvalsmøtet. Det er absolutt behov for det.»
- «Mest fornøgd med oppfølginga av rådgjevarane.»
- «Imøtekommande rådgjevar – jordnær og ikkje dømande.»

Ein har og spurt rådgjevarane om i kva grad dei tenker at produsentane har hatt nytte av å delta i prosjektet, der ein har stilt spørsmålet for kvar einskilt produent. Total score for dette spørsmålet vert 83 %, altså meiner rådgjevarane at 83 % av produsentane har hatt nytte av dette prosjektet. Om dette er fordi ein ser at ein har komme i inngripen hos produsentar ein elles ikkje ville nådd, eller om ein vurderer at ein uavhengig av vegen vidare har hatt nytte av eit vegvalgsbesøk, skal ein ikkje konkludere. Ved at ein vidare har bedt om å gje ei bedømming på sin eigen innsats hos den einskilde produsenten, kan ein vere med å sjå samanhangen mellom måloppnåing for aktive val og kven som går vidare i prosess med rådgjeving. Eigenscoren er nokså jamn og kan ikkje tilleggast særleg vekt. På ein skala frå ein til fem der 1 er dårleg og 5 er meget god, har dei bedømt eigen innsats på 4,14 poeng.

Samanlikna med figur 32 som spør om dei har kjøpt rådgjeving ut over førstebesøket, ser ein at vel halvparten av bruka har kjøpt rådgjevingstenester ut over det prosjektfinansierte. Dette kan tyde på at dei har opplevd ein nytteverdi og at rådgjevarane har klart å hjelpe produsentane vidare i prosess.

Det er og spurt om deltakarane har fått utreda mulegheitene på garden i den omfang dei ønska. Her har 28 svart, og ein har plukka ut og sortert svara i tabellen under.

Har du/dere fått utredet mulighetene deres i det omfang dere ønsket?	Antal
Ja	18
Greitt	1
Framleis i prosess	4
Ikkje så aktuelt på noverande tidspunkt	1
Nei	1
Var usikker på kva eg ville då.	1
Ønska inga spesiell utgreiing	2

TABELL 6. DELTAKARUNDERSØKINGA - HAR FÅTT TILSTREKkelig UTGREIING AV SINE MULEGHEITER

Ein ser av tabell 6 at 64 % svarer eit klart ja på spørsmålet, medan berre 1 meiner han ikkje har fått det tilbodet han trong. Tre andre svarar at dei ikkje er ferdige med prosessen endå, medan ein avventar vidare inntil han har klart å skaffe meir areal. Det er grunn til å sjå nærare på kvifor ein ikkje har fått den hjelpa han trong. Ein veit òg at andre i området har endra sin situasjon frå då prosjektbesøket fann stad, og at det kan vere grunn til å tru dei burde vorte kontakta av ein rådgjevar.

7.3.5. Oppfølging framover

Målet for prosjektet er å gje deltakarane betre grunnlag for å ta valg vidare framover. Ein var derfor interessert i å finne ut om prosjektet har betydd noko for utviklinga framover. Spørsmålet var formulert slik; *Målet for prosjektet er blant annet å hjelpe deltakerne i gang med en prosess for å ta aktive valg videre framover for sitt bruk. Hva har prosjektet betydd for den videre utviklingen på ditt bruk?* På mange måter kan kanskje dette vere for tidleg å sei enno, og kanskje vil ein aldri sei sikkert kva som hadde skjedd, - eller *når* ting hadde skjedd *hvis ikke...* Men 27 deltakarar har i alle fall gjeve svar, og for å greie å lese noko målbart ut av desse (som var fritekst-svar) har ein gjort et nytt forøk på å gruppere svara i tabell 7.

Prosjektets betydning	Antal
Har hatt positiv betydning	9
Har hatt litt positiv betydning	1
Usikker på prosjektet si betydning for oss	4
Lita betydning	1
Inga betydning	7
For tidleg å sei enno	5

TABELL 7. DELTAKARUNDERSØKINGA. SVAR PÅ KVA PROSJEKTET HAR BETYDD FOR UTVIKLINGA PÅ DEIRA BRUK

Her ser ein kanskje den mest negative trenden i undersøkinga. Mange er usikre. Når ein legg til dei andre funna som går på mangel på areal, rasproblematikk, usikkerheit rundt om nokon vil ta over og mange små bruk, kan ein forstå at mange er usikre på framtida som produsentar. Det ligg i alle fall mykje bak dei ulike svara her. Ein ser det ikkje som ei negativ melding til prosjektet direkte, men meir som ei konstatering av at verkelegheita er komplisert og at svara ikkje alltid er enkle å finne. Mange treng og tid til å tenkje eller posisjonere seg, og vil vekse i takt med tilgjengelege ressursar i området. Det er eit stort tankekors at den plassen med flest unge bønder, er den plassen som opplever størst utfordring knytt til arealmangel og kjenner på ein stadig kamp om jorda. Det er ikkje tvil om at ein må gjere større grep dersom ein skal lukkast med å skape vekst for alle dei som ønsker det i Bondalen utan å ta frå nokre interesserte jorda dei driv.

Fleire har svara at dei ikkje kjem til fordi naboane ikkje vil sleppe dei til. Dei fortel om dyrka mark som vert slått med beitepussar fordi dei ikkje vil leige ho vekk. Dei fortel om kyr som må tørkast og sendast på fjellet om sommarane for at dei skal ha nok gras gjennom vinteren – ikkje fordi dei har det for travelt som sommaren. Det er altså arealet som begrensar framfor arbeidsmengd. Fleire har i vegvalsmøta snakka om manglande forståing for arealproblema hos politikarane og hos landbrukskontoret. Det vert ikkje skild mellom hobbybønder og dei som lever av produksjonen sin, mellom dei som har høner, hest og nokre sau og dei som står for matproduksjonen i området. Vidare er det missnøye med dei som kjem med store maskiner og øydelegg markane og det er missnøye med all den krysskøyringa som foregår. Det er på det reine at det ikkje er aktuelt å løfte dette temaet opp i grendevise møter. Dei fleste meiner problema må løftast opp på eit heilt anna nivå. Landbrukskontoret må forvalte regelverket langt tydelegare og i tillegg sikre jordvernet framfor andre utbyggingar. Jorda er under press frå fleire hald. Vidare meiner ein at jorda kunne vore driven meir effektivt dersom stønadsordningane var betre, dyrking og jordforbetring kostar mykje.

Ei utfordring er at det ser ut til å vere store lokale forskjellar på arealpresset. Det er i særstilling Bondalsområdet som melder at dei har for lite. Veggen vidare her kan delvis ligge i eit landfragmenteringsprosjekt som er i rutekassa til Ruralis. Det står att å sjå om det vert til noko, oppstart har vore signalisert fleire gonger. Både landbruksavdelinga, fylkesmannen og prosjektet treng å følgje denne situasjonen framover. Vidare er det viktig for mange at det vert ei tydelegare satsing på driveplikta frå myndighetene. Avsjekk på arealtilskotsordninga – er jorda dreven etter dei krave som ligg føre? Kva skal vere krava for utbetaing av tilskot? Ein kan og sjå nærare på korleis ein kan skaffe kvalitetsgras frå arealrike område på ein kostnadseffektiv måte framover. Kan ein på visse vilkår få ekstra stønad for kostnader knytt til transporttid? Til dømes står Åmdalen fram som eit område som i dag er rikt på fulldyrka areal og der produksjonen går ned. Vartdal og Follestadalen opererer med tilstrekkeleg areal, men nokre få i dette området melder at dei ikkje får tak i den jorda dei treng for å auke produksjonen sin.

I Volda kjem eit anna forhold inn som er noko lokalt. Mange plassar er teigene så brettlendte at dei ikkje kan verte pleidd på ein arbeidseffektiv måte. Mange har små og bratte område og det er begrensa med areal som er effektivt å drive. Dette fører med seg eit behov for å drive i mindre målestokk for å kunne ta vare på landskapet. Kvifor skal ikkje dette vere lønnsamt? Konsekvensen av at mange i Austefjorden legg ned drifta si, er gjengroing. Med Kvivsvegen kjem turistane, men snart er det lite å sjå, når det gror att langs fjorden. Kva kan gjerast? Skal det vere ekstra tilskot til landskapspleie? På kva måte kan lokale myndigheter arbeide for å styrke jordvernet og driveplikta? Kva status skal jordvern ha?

Eit anna funn frå møta er problematikken rundt skredfaren i Ørsta. Når ein ser etter, er nesten heile kommunen farga raud for skredfare av ein eller annan karakter. Ein skal ikkje undervurdere denne faren, men det som er konsekvensen er at svært mange av dei som bur under slike plassar, er avstengd frå å utvikle gardane sine og legge til rette for krav om lausdrift og anna. Korleis skal desse kunne utvide driftsbygningane sine, eller bygge nye fjøs? Det er byggeforbod i raud sone om ein ikkje kontaktar geologar og greier ut om noko av eigendomen kan byggast på. Slik undersøking tek tid og kostar mykje pengar. Spørsmålet er kva kommunen kan gjere for å hjelpe på dette området. Kan geologiske kartleggingar gjerast gjennom kommunen til gangs for alle? Kva gjer ein i område der ein har byggeforbod og i tillegg delingsforbod? Korleis kan ein gjere dei ulike regelverka smidig for kvarandre, slik at ein til dømes kan oppnå å få dele frå jord dersom ein ikkje får bygge på den aktuelle plassen, men då heller styrke nabobruket med jorda utan at produsenten der er nødd å kjøpe heile nabogarden for å få dette til? Korleis kan eit landbrukskontor bidra til å sikre framtidig produksjon i desse skredområda? På kva måte kan dei lokale myndighetene arbeide for å sikre at Ørsta og Volda held fram med å vere ein av dei største aktørane på mjølkeleveranse for framtida?

Til slutt oppmoder ein deltakarane om å komme med øvrige kommentarar. I tabell 6 har ein tatt inn dei sluttkommentarane som kom. Mange av dei går på at dei kan tenke seg fleire møter. For prosjektet er det viktig at ein fortsett å arbeide for å få på plass dette, gjerne i samarbeid med produsentlaget. Det er nyttig for prosjektet å få vite om det er noko ein kunne arbeidd meir med eller gjort annleis.

<p>Behov for meir investeringsmiddel til å finansiere fjøs. Viktig å få folk til å tenkje og reflektere over sin eigen situasjon.</p> <p>Burde ha fokus på å sjå kva moglegheitene den enkelt har. Slik som dagens situasjon er så er ein pressa på kvote og areal - setje på dagsorden nybygg/ombygg i forhold til driftsgrunnlag, og heller ha fokus på at ein kan auke produksjonen framover i tid. Det er krevande når nybygg fører til så store investeringar.</p>
<p>Fornøgd med prosjektarbeidet:-)</p>
<p>Fornøgd med prosjektet og møtet som blei holdt.</p>
<p>Har ikkje fått info om prosjektet utover den samtalen/møtet eg hadde i starten.</p>
<p>Ikkje ha fokus på for store bruk, må sjå det i samanheng med ressursane. Blir arbeidskrevande når det blir for store bruk</p>
<p>Ingen innspel,</p>
<p>Ja, men særleg for nokre år sidan gjorde Tine mykje galskap, dvs. også i dette området meinte Tine at ein måtte bygge for minst 50 - 60 kyr. Tine var (og er?) ein stor sentraliseringsfaktor av landbruket, spesielt her på Vestlandet. Dette er det vanskeleg å rette opp i.</p>
<p>Med svært høge priser på kjøp av melkekvote og dårlig tilgang på leige av grovforareal så er det sannsynlegvis dårlig butikk å invistere i auka mjølkeproduksjon i dette området.</p>
<p>Mykje med politikk å gjere - dei som sett rammene for produksjonen og lønnsamheit. Har ikkje stor trua på slike prosjekt.</p>
<p>Organisere møter i mindre grupper, kanskje enklare at folk møter opp, samstundes som det er enklare for at fleire kan delta aktivt i møta.</p>
<p>Samme som står under punkt 10 - rådgiverane må vere tydeleg og ikkje drage prosessen for langt ut om ein ser at det ikkje går opp.</p>
<p>Savna tettare oppfølging etter oppstartsmøte,</p>
<p>Sjå sitt eige potensialet på garden, og ikkje sikte for høgt. Må vere realisme i prosjekta.</p>
<p>Slike prosjekt er viktig for å ha fokus på framtida og utviklinga på dei enkelte gardsbruka. Viktig for å få i gong optimismen</p>
<p>Tema: Skulle ønske at bøndene kunne bli flinkare å samarbeide mellom steingardane, samarbeide om maskiner for å få ned kostnadane i produksjonen.</p>
<p>Viktig å følgje opp dei som har deltatt i prosjektet, må ikkje gløymast. Viktig å få med alle som kan vere med vidare.</p> <p>Ønskeleg med fleire fellesmøter, involvere landbrukskontora og organisasjonane som bondelaget. Organisasjonane har vore litt arrogante angående til prosjektet,</p>

TABELL 8. DELTAKAREVALUERING – HAR DE ANDRE INSPEL RUNDT PROSJEKTET ELLER TIL FRAMTIDIGE LIKNANDE PROSJEKT ANDRE STADER?

Tabell 9 viser tilbakemeldingar frå rådgjevarane, desse viser meir til status eller utvikling hos produsenten enn til sjølv gjennomføringa av prosjektet. I prosjektsamanheng er det gode notatar å ta med seg for å sjå fellesnemnarane og kartlegge kvar ein bør sette innsatsen framover.

Fôr er ein flaskehals for produsentane, har kanskje moglegheit for å kjøpe ein gard som har litt fulldyrka areal. Dattera er interessert i gardsdrift, men det er enda ikkje sikkert om ho vil ta over drifta.

Ønsker å satse med mangler ressursgrunnlag (jord og kvote). Har tegninger og driftsplan liggende, vil være på hugget framover I gang med produksjonsplan, møte utsatt pga manglende regnskap. I gang med prosess, mangler kvote. Oppfølging utover hausten.

Produksjonsplan, sjå på ulike driftsbygningar med ungene. Ikkje sikkert nokon vil ta over drifta, lunken til å satse om ingen vil ta over. Byggrådgevar har også vore innom bruket. Skal ta kontakt med produsenten igjen for å spørje om dei har komme noko vidare i tankane om nybygg.

Ser for seg å drive i fem år til, vil leige ut kvote og jord etter det.

Inntrykk av at dette er eineste produsent i X som ønsker å satse. Han er usikker på om han skal satse på mjølk eller kjøtt. Har i dag for lite kvote og jord, ikkje interessert i å kjøpe når prisene er så høge. Vil ha eit kostnadseffektivt bygg. Tenker han bør gjere noko innan 2 år og arbeider med å få på plass jord. Avventer ØRT til grunnlaget er bedre.

Produsenten hadde bygd ny fjøs for få år tilbake og hadde ganske mange økonomiske spørsmål. Skal ha ny gjennomgang av ØRT/DP med økonomirådgevar som var sterkt involvert i tidlegare prosess.

Avvikler mjølk

Vil drive 5 år til, har ikkje diskutert generasjonsskifte med datter enda. Oppmoda sterkt om å gjere det og peile ut ein kurs for framtida. Produsenten vil ikkje presse dattera.

Produsenten har nyleg tatt over garden, satt seg mål på 5årsperiode med drifta for å sjå kor han trivs i yrket. Arbeider 50% utanom, men held alle mulegheiter opne.

Utslitt driftsbygning, tek eit år om gangen. Ingen som er interesserte i å overta, dermed vert det ikkje satsa noko.

Driv smått, blir eigarskifte og etter kvart slutt med mjølk. Kanskje halde fram med kjøtt.

Produsenten har ein gjødselkum ståande ved driftsbygninga. Han har enda ikkje fått eit påbygg over denne. Starta på ØRT som vart stoppa då han mista noko leigejord som resulterte i arealmangel. Arbeider no med å få på plass meir jord.

Solgt inn Føringrådgiving, fulgt opp?

Interessert i mjølkeproduksjon, men lunken i å gjere noko investeringar ettersom det ikkje er avklart om nokon skal ta over. Helsesituasjon. Ønsker å fortsette i samme bane som før, men skal kutte ut eine fjøset med ungdyr. Oppmoda om ei ØRT-analyse for å sjå på ulike alternativ, men var ikkje interessert.

Ønsker å selje garden, hadde vore i kontakt med livslinjeråd før prosjektbesøk

Har avvikla mjølkeproduksjonen

Usikker på kva som skjer med bruket i framtida. Har tenkt tanken å setje inn mjølkerobot for å få meir fleksibel kvardag og kunne ta seg meir fri. Paret er litt ueinig ang. prosessen. Er betenkt på å investere sidan dei er eit eldre par. Oppmoda om å diskutere med bygningsplanleggjar for å sjå bygningsmessige mulegheiter. Ved anledning.

Datter og svigerson overtek drifta, men utan mjølk. Mest truleg ammeku. Oppmoda om livslinjeråd og generasjonskifte-veiledning. Vil ikkje avgjere dette, men fekk kontaktinfo.

Vil ha bistand med generasjonsskifte.

Datter og mannen skal ta over men bur langt vekk. Oppmoda om livslinjeråd og bistand til eigarskifte. Tenkjer i utgangspunktet at dei skal tilpasse seg krava som kjem i 2024, så blir det opp til dei som skal ta over å bestemme.

Solgt kvota etter prosess, bedre dyrevelferd og bedre personlig helse etter dette.

ikke kommet vidare i prosess, stoppet opp etter bygningsrådgiving. utfordring med areal

Ønsker ikke å endre drifta, ønsker bedre lønnsomhet med samme produksjonsomfang. liten produksjon

Produsent trappet ned produksjon og tilpasset etter arbeidsressurser og bedre dyrevelferd. optimalisert drifta ved hjelp av analyseverktøy.

Brukt mye rådgiving, endt opp med planer for ny driftsbygning og etablert generasjonsskifte.

Full prosess og iverksetting/tilsagn

ønsker å optimalisere med trenger tid til å få på plass nok areal

Produsent fått prosjekt på plass pga melkeprosjekt (gml versjon)

rådgiver inne i full prosess, ammeku kjøttfe

Skal inn i prosess om et par år, ny driftsbygning

ung nabo i prosess med overtakelse.

TABELL 9. RÅDGJEVARENS KOMMENTARER OM STATUS/RESULTAT HOS DEN ENKELTE DELTAKER

7.4. Totalresultat og ringverknader

Det ein kan slå fast er at prosjektet har gjeve alle typer utvikling ute hos deltakarane:

- Store utbyggingsprosjekter.
- Mindre tilbygg eller ombygginger, ofte med dyra og arbeidsmiljøet i fokus.
- Endring av drifta innanfor eksisterande rammer (f.eks. reindyrking av éi driftsgrein).
- Avvikling av mjølkeproduksjon – nye satsingsområder.
- Generasjonsskifte
- Oppstart av produksjon heilt frå grunnen av.

Nokre av dei store prosjekta hadde nok komme etter kvart uansett. Andre er eit resultat av ein lengre prosess ute, og desse er det ikkje noko sjølvstøtte at hadde vorte realiserte. Det same kan seiast om de mindre prosjekta. Nokon hadde klart for seg kva løysning dei ønskte, medan andre ikkje var klar over kva for mulegheiter som fantes i det heile tatt.

Avvikling/sal har vore diskutert med fleire deltakarar. Kanskje er det ikkje i tråd med den opprinnelege prosjektidéen, men det er viktig for den enkelte familie og det enkelte bruket. Dei som avvikler mjølkeproduksjonen har ofte berre lause idéar om drifta vidare, og støtte òg i denne prosessen kan gjer at dei finn ein god måte å drive garden på vidare. Og det som er avvikling for ein, kan verte til utviklingsmulegheiter for ein annan. Dette er og næringsutvikling.

Vi ser òg at det faktisk er interesse for nyetablering frå grunnen av, og vi ser at det er mange unge bønder samla i eit geografisk avgrensa område. Snittalderen samla sett er òg låg. Utfordringa knytt til areal er heilt sentral å ta tak i saman med problema knytt til ekspanderingspotensiale i rasette område. Vi ser at enkelte område slik med nedgang i drift og rikeleg med areal, medan andre har såpass liten og tungdreven produksjon at dei ikkje kan auke kapasiteten så mykje som dei kunne tenkt seg for å ha nok inntjening. Fokus på driveplikt og jordvern er derfor eit viktig poeng.

Ein ser av og til at det som er brukar sitt ønske og bruket sitt mål endrar seg undervegs i prosessen. Både av ytre faktorer som tilgang til jord og utvikling i markedet for leige og kjøp av kvoter, og av økonomiske og personlege årsaker med grunnlag i dei strategiske og økonomiske utgreiingane som vert gjort. Eit tekn på at arbeidet gjev eit betre grunnlag for beslutninga til det enkelte bruket.

Å arbeide systematisk gjennom eit geografisk område er ein interessant og god måte å arbeide på, men det er ressurskrevande når det skjer i fleire område samtidig. Prosjektorganiseringa gjev ekstra seriøsitet og forplikting, men det krev og mykje administrasjon. Ein slik arbeidsmetodikk gjer at vi tek unna rådgjeving og utvikling som uansett ville kommet, men vi kjem nok og inn og arbeider med utvikling på bruk som aldri hadde kommet til å rekvirert oss inn elles.

Ei prosjektorganisering som dette gjer at dei rådgjevarane som er engasjerte får arbeide mykje med utvikling, og utvikler og seg sjølv. Det viser seg likevel at sjølv frå eit prosjekt i eit såpass lite produsentmiljø som Volda, fell det nok arbeidsoppgåver på enkelte rådgjevarar til at dei får problem med å rekke over alt til rett tid. Forseinking i framdrift gjev fleire uheldige konsekvensar.

7.4.1. Ringverknader

Det er nok for tidleg å sjå kva for ringverknader slike prosjekt får i form av reine byggeprosjekt eller utviklingsprosjekt enno. Det ein derimot kan slå fast, er at det i området Ørsta har vore ei auke i rådgjevaroppdrag i prosjektperioden, og

oppdraga har vore fleire større byggeprosjekt, tilbygg, ombygging og nybygging. Nokre har fått bistand til å legge om frå mjølk til kjøt og nokre har fått bistand andre produksjonsmessige forbetringar for å auke resultatane sine. Fleire er per i dag i prosess, dei avventar svar frå Innovasjon Norge, eller dei er i forhandlingar med aktørar på kvote, jord eller byggentreprenørar om prisar. Arbeidet som skjer på dei enkelte brukar er eit langsiktig arbeid som pågår i fleire fasar før ein eventuelt kjem til sjølv endringa.

Det er heilt sikkert at situasjonen i Bondalsområdet når det gjeld jordressursar er viktig å ta tak i. Ringverknadane her vil vere store nesten uansett kva retning ein ser. Skal fleire få mulegheita til å verte heiltidsbønder vil det få konsekvensar for fordelinga slik ho er no. Skal ein satse meir på sommar drift med fjellbeite, eller skal ein satse på heilårsdrift, mjølkerobot og beiting på heimgardane? Kva grep kan ein gjer ovanfrå og kva grep greier ein å få gjort mellom dei enkelte nabobrukar? Korleis samarbeide betre? Mange unge bønder har ønske om å fortsette i området. Ringverknaden av at dei må fortsette som før, kan i verste fall verte ei kraftig nedskaling av produksjonen den dagen kravet om lausdrift er komme og ein ikkje har funne rom for investeringane som trengs for å få dette til.

Rasproblematikken er eit anna område ein ser har store ringverknader og viktig å sjå på. Dersom ein ikkje gjer noko for desse bøndene som ønsker å bygge men ligg i skredområder, kan ein raskt ende opp med ei halvering av mjølkeprodusentar i området. Så mange er det som på ein eller annan måte er berørte av dette.

Ringverknadane for Volda og Austefjorden spesielt, kjem ein til å sjå i åra framover. Ein håper at ein gjennom prosjektet har klart å løfta fokuset på å ta i vare alle størrelsane på brukar og at det vert vilkår for framtidig drift i alle grendene. Øye og turismen er typisk eksempel på områder der ein kan få gjort mykje med eit godt samarbeid mellom fleire aktørar, der hotellet kan vere ein ressurs for landbruket og der landbruket kan verte ein enno større ressurs for hotelldriften. Dei små frøa er sådde, så må ein pleie «avlinga» for å nå gode mål framover.

Vidare er det viktig at dei som er bondens støtteapparat spør seg sjølv korleis dei kan støtte bøndene framover ut i frå dei erfaringane ein har gjort seg gjennom prosjektet som dette. Både fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunen og rådgjevarorganisasjonane kan sjå at det er nyttig å ha eit godt samarbeid og at rådgjeving trengs i mange former og i mange fasar. Tryggleik og forutsigbarheit rundt rammebetingelsane og auka tilgang til investeringsmidler spesielt for dei litt mindre brukar er fortsatt avgjerande for utfallet av valga som dei må ta.